

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

# LUSTRA

## NYTT

Nr. 2 | 2021    26. årgang



# Ordføraren har ordet



*Ordførar Ivar Kvalen.  
Foto: Andreas Eikseth  
Nygjerd AENfotografi.*

Gode lusteringar. Arbeidsåret 2021 nærmar seg slutten, tida går fort, dagar og veker flyg av stad, i alle fall opplever eg det slik. Me er halvveis i denne kommunestyre-perioden. Den 20. oktober har eg vore ordførar i 10 år, det er litt rart å tenke på. 10 år er no eigentleg lang tid, men det kjennes

også som ei kort tid. Året 2021 byrja som kjent med koronarestriksjonar, eg skal ikkje seie meir om koronaen, det har vor snakka nok om den, berre at eg er ualminneleg glad det meste er over. I Luster kom me relativt godt utav det. Mange kommunar og byar hadde det mykje meir krevjande enn oss. Eg vil likevel nytte høve i Lustranytt å takke alle helsepersonell som har stått på langt utover «normalen» med vaksinering og prøvetaking. Helsesjef Knut Cotta Schønberg og leiar for helsestasjon Berit Skjerdal med sine medarbeidarar har lagt ned ein enorm innsats for fellesskapet under denne pandemien. Eg vil og på vegne av kommunen takke alle frivillige og pensjonerte helsepersonell som velvillig stilte opp når massevaksineringa skulle ta til, utan dykk hadde me ikkje fått det til.

2021 er og stortingsval. Den 13. september skulle me velje nyt Storting. Me som set i formannskapet og valstyret var litt ekstra spent på korleis valet i år kom til å bli, då tenker eg mest på gjennomføringa lokalt. Kommunen har redusert talet på vallokale på valldagen frå 10 til 3, men me utvida tilbodet til førehandsrøysting betydeleg, med opningstider, heimebesøk, og valdagar ute i dei gamle krinsane. Tilbakemeldingane frå lusteringane er at dei er godt nøgd med den nye ordninga, nokon sakna å røyste i eigen krins på sjølve valldagen, men erstatninga var grei den og. Trenden er at fleire og fleire vel å førehandsrøyste, og i år vart det ny rekord. Den totale valloppslutnaden i år var også svært god.

No skal eg avsløre ein liten løyndom for dykk. Eg er eigentleg ikkje så veldig glad i valkampar. Kanskje eit lite paradoks sidan eg har hatt politikk som heiltidsjobb dei siste 10 åra. Altså eg likar valkamp i den forstand at ein kjem ut og treffer folk, får høyre kva som opptek veljarar, fortelje kva

løysingar eg har på andre sine ynskje og utfordringar. Men den «evige kjeklinga» mellom partileiarar og partigrupper tykkjer eg av og til øydelegg meir enn det gjer godt. Stortingsvalkampen i år var eit døme på det. Partidebattane frå Arendalsveka var til tider flautt å sjå på, eg slo rett og slett av fjernsynet. Om det er tv-formatet sin panikkaktige iver etter å halde på sjårar, eller om det er for å nå ungdomane veit eg ikkje, men at 8 - 10 velvaksne menn og kvinner står og ropar i munnen på kvarandre, styrt av ein lett forvirra programleiar, kan umogeleg hjelpe på for å nå ungdomen, eller alle oss veljarar for den del. Om NRK og andre mediehus har ambisjonar om å formidle politikk til ungdom, spesielt i valkampar, må dei ta grep. Det er knapt nokon under 40 år som ser fjernsyn på gamlemåten lenger, til og med eg er på veg bort frå linjert-TV. Krangledebattar er etter mitt syn ikkje noko god måte å formidle innhald i politikken på, der deltakarane får 45 sekund til å formidle eit bodskap sjåarane skal hugse og helst like.

Men val vart det. Sjølv om Trygve melde seg på statsministarkampen handla det i hovudsak om Erna og Jonas. Fasiten veit me no. Jonas Gahr Støre vart statsministar, Erna Solberg gjekk av. Det er ingen løyndom at eg er godt nøgd med ny regjering, det vart bra for distrikta, kommunane og landet, men rett skal vere rett, Erna Solberg har vore ein stødig og solid statsministar. Ho leia Norge gjennom ei svært krevjande tid på ein framifrå måte. Som person er ho roleg, alltid svært godt førebudd og svarar høfleg og vennleg på nesten alle mogelege spørsmål. I rolla som statsministar gjorde ho ein svært god jobb.

Det vert spennande å sjå kva retning den nye regjeringa vil ta for landet vårt, behova for auka løyingar i kommunal sektor er stor, her må Arbeiderpartiet og Senterpartiet leve, likeins innan kultur og samferdsle er etterslepa store. Landbruket må og få eit løft, inntektsgapet mellom bonden og andre aukar kvart år. Skal ungdomen satse på ei framtid som matprodusentar, må dei ha ei inntekt til å betale investeringane med og ei løn å leve av.

Forventningane til Jonas og Trygve er høge, det er mykje dei må ta tak i, men eg har trui.

God jul til dykk alle og alt godt i det nye året.

Ivar Kvalen, ordførar

# Rådmannen har ordet: **Utviklinga...**

Utvikling i folketalet er på fleire måtar ei temperaturmåling på kommunane. Tilbod, tenester og økonomi heng nøye saman med folketal. I fyrste halvåret i 2021 auka folketalet med 44 personar i Luster kommune. Det vart fødde 29 born i kommunen og det er pr. 01.07. folketalsregisterert 5233 lusteringar.

Dette er positive tal og Luster er ein av dei kommunane i Vestland med best utvikling i folketalet i denne perioden. Auke i folketalet er på alle vis gledeleg for ein kommune. Det er og sentralt i inntektssystemet for kommunane og grunn til at Luster kommune kjem godt ut økonomisk i kommuneopplegget i Statsbudsjettet no i haust.

Dette hjelper, men det er likevel slik at Luster er svært avhengige av gode lokale inntekter for å halde oppe tenestestrukturar og tilby gode tenester og tilbod. Kraftinntektene er sentrale her, men dei svingingane i kraftprisar som er for tida gjer det krevjande å planleggje. Ein meir stabilt marknad og jamne kraftprisar hadde vore betre både for den private økonomien og kommuneøkonomien. I budsjettarbeidet vert det gjort gjennomsnittsvurderingar for fleire år. I denne vurderinga hører og den allmenne eigedomskatten heime. Gode samla inntekter i lag med god og nøktern drift gir grunnlag for offensiv innsats i utviklingsarbeid og investeringar. Desse vurderingane, denne balansen, er det formannskap og kommunestyret legg inn i budsjettet og satsingar for neste år.

Luster kommune har eit godt grunnlag for å vidareføra neverande drift og på investeringsområdet er det brei satsing med fleire mindre tiltak og fokus på barnehageutvikling der utviding av Gaupne barnehage og utvikling av tidlegare vidaregåande skule på Hafslø til ny barnehage er dei sentrale og store enkeltprosjekta.

Det er høyringsrunde for Kommuneplanen sin samfunnsdel, der ein skal løfte blikket og sjå opp og fram og drøfte målsetjingar og satsingar for Luster kommune i åra som kjem. Me oppmodar til innspel på planen.

I det korte tidsperspektivet så håpar ein at ein kan seie seg ferdig med pandemien. Sjølv om Luster ikkje har vore mest råka så vil ei slik sak setje spor på mange område.

Rådmann  
Jarle Skartun.



Eit område der pandemien har gitt oss erfaringar er omkring det digitale og fjernarbeid. Ein lærdom er at alle treng ikkje vere fysisk tilstades på arbeidsplassen sin for å gjere ein god jobb. Heimekontor er vorte vanleg for ulike oppgåver, heilt eller delvis løysingar ser ut til å fungere godt. Dette kan vere bra for distriktskommunar. Folk kan ta med seg jobben sin «heim» til Luster sjølv om arbeidsplassen i utgangspunktet ligg ein annan plass. Mange vil likevel arbeide saman med andre, dei ynskjer å ha både eit fagleg, kollegialt og sosialt fellesskap. I Luster leggg me no til rette for at det går å leige seg arbeidsplass/kontor på fleire plassar: på Fjordstova i Skjolden, hjå Jostedal Industrier og på Pyramiden i Gaupne. På Hafslø vert det og arbeidd med å etablere eit tilbod om kontorfellesskap.

Større fleksibilitet til kvar ein jobbar frå kan gjere noko med mobiltet, tilflytting og det å finne jobb til begge i ein familie. Kanskje kan ei offensiv tilnærming til dette feltet hjelpe på rekruttering i det kommunale. Me må ta på alvor at rekrutteringsutfordringane ser ut til å auka. Det vert ei prioritert arbeidsoppgåve framover å sikre bemanning og kompetanse i kommunen.

  
Jarle Skartun, rådmann

# Nye lustringar: **Kari og Elliot**

**Fortel litt om dykk sjølve  
(kven er de, kvar kjem de frå,  
kva jobbar de med, hobbyar/  
interesser):**

– Me er Elliot (29) Kari (24) og våre to små baby bunnies Smash og Maze. Eg, Kari, kjem frå Gaupne, men studerte i England der eg møtte Elliot.

Elliot kjem frå Somerset, men me møttest i Cornwall der han jobba og eg studerte. Elliot har si eiga bedrift *Dezinat.com* der han designar og lagar forskjellige ting for kundar verden over. Så er det noko du treng designa, så er han den rette for arbeidet. Eg har ei utdanning innan teater, så kanskje

det kjem noko teater til Luster, men enn så lenge kører eg drosje og trivst med det.

**Kvífor kom de til Luster?**

– Me kom til Luster, for me ville være nærmare familien min (Kari) og komme nærmare den vakre naturen rundt oss. Elliot forelska seg i Gaupne då me var heime til jul, så det å flytte hit var ikkje eit vanskeleg val for han, sidan det betydde han ville komme nærmare mommo og maten hennar.

**Kva er det beste med  
å bu i Luster?**

– Det beste med å flytte hit, var plassen rundt oss, naturen og



freiheten me følte på når me var her på ferie og på hytta.

**Kva kan Luster bli betre på?**

– Me har ikkje budd her så lenge at me føler me manglar noko akkurat no, men kanskje når me har fått oss ordentleg i hus og ting begynnar å falle på plass, at me ser kva Luster kanskje kan bli betre på.

# Nye lustringar: **Silje og Mats**



**Fortel litt om dykk sjølve  
(kven er de, kvar kjem de frå,  
kva jobbar de med, hobbyar/  
interesser):**

– Mitt namn er Mats Olav Mikkelsen Lepsøe, og eg er ein 29 år gammal fyr frå Karmøy. For tida jobbar eg som pedagogisk leiar i Gamlestova Barnehage og trives godt med det. Utanom arbeid går det mykje tid til turar med hunden og ein heil del fotball. Men det beste er jo sjølv sagt å vere med familien min, som består av meg, sambuaren min Silje, sonen min Emil på 9 månadar og hunden Ollie som snart er 2 år.

**Kvífor kom de til Luster?**

– Grunnen til at eg flytta til Sogn er i hovedsak kjærleiken. Eg møtte Silje i Bergen gjennom barnehagelærerstudiet, og me flytta til Sogndal i 2020. Då hadde eg allereie fått jobb i Gamlestova Barnehage, og det vart pendling frå Kjørnes til Hafslo. Påsken 2021 flytta me til Hafslo og me trives så godt at her håpar me å bli buande.

**Kva er det beste med å bu i  
Luster?**

– Det beste med å bu i Luster er dei imøtekommande folka, den fantastiske naturen og den flotte jobben min.

**Kva kan Luster bli betre på?**

– Eg trur nok eg må bu her lengre før eg kan uttala meg om dette, men det er heilt sikkert noko.

Nye lustringar:

# Hege og Oddmund

**Fortel litt om dykk sjølve  
(kven er de, kvar kjem de frå,  
kva jobbar de med, hobbyar/  
interesser):**

– Vi er en familie på 7, hvor 5 har flyttet til Mollandsmarki. 2 voksne barn bor igjen i Drammen. Oddmund har drevet eget tømmer/snekker firma i Drammen og Hege har de siste 20 årene jobbet på kontor i Bama (er i dag 80% ufør grunnet sykdom). De tre barna som har blitt med på flyttelasset

er Magnus 18 år (går siste året på landbruk), Helene på 15 år og Andreas på 9 år.

Vi har alltid hatt en drøm om eget gårdsbruk og komme oss vekk fra byen med masse stress, jag og kø.

## Kvifor kom de til Luster?

– Det er ikke tilfeldig at vi har flyttet til Mollandsmarki. Oddmund sin far er født og oppvokst her og vi har de siste 20 årene vært med i slåtten på Sie gården. Og da det

endelig kom en mulighet til å kunne kjøpe en gård her, slo vi til. Og ekstra hyggelig var det jo at det også var en familiegård.

Vi har startet opp med litt sau i år og planen er å starte opp med Angus etter hvert.

Vi har ingen erfaring men vi ønsket oss ett nytt liv og kaster oss ut i det. Samtidig står alle rundt oss og er imøtekommens og behjelplig. Det er det som gjør Luster så flott.

## Kva er det beste med å bu i Luster?

– Selv om vi er innflytttere blir vi så godt mottatt.

Alle ønsker oss velkommen og på Mollandsmarki og i Morki er det helt spesielt. Alle hjelper og bistår med alt fra kunnskap til redskap.

Andreas som har spesielle behov fikk etter 1. uke all den hjelpen han trenger.

Noe han ikke fikk i Drammen etter 9 år, alt var bare en kamp. Så det er tydelig at her blir alle inkludert i samfunnet. Det er nytt for oss og varmer veldig. Så kommunen har vært helt fantastisk og det har vært helt avgjørende for oss og veien videre.

Andre ting som gjør Luster bra, må være at det er gode, varme og inkluderende mennesker her, kommunen ønsker at du skal trives og lykkes og så er det fantastisk å kunne våkne opp hver dag i denne flotte naturen. Så vi håper og tror at vi vil få et godt liv her.

## Kva kan Luster bli betre på?

– Vi har bare masse positivt å si om Luster, så vet ikke om noe Luster kan bli bedre på.





## Nye lustringar: **Tonje og Stian**

**Fortel litt om dykk sjølv  
(kven er de, kvar kjem de frå,  
kva jobbar de med, hobbyar/  
interesser):**

– Vi er Sindre (13), Brage (10), Stian (43) og Tonje (41). Stian er frå Vikersund og Tonje har vokst opp delvis i Røslebakkane og i Holmedal. Dei siste ti åra har vi budd i Trondheim, og har tatt med oss jobbane derifra. Stian jobber med akvakultur hos Norconsult i Sogndal. Tonje jobber som geoteknikar hos konkurrenten Multiconsult, og har fått kontor på Pyramiden. Ho håpar på fleire kollegaer etter kvart.

Sindre begynte på ungdomsskulen no i haust, og trivst veldig godt. Han er glad i å stå på ski (freeski/off-piste), klatring, gaming og spelar el-gitar. Etter at han flytta hit er han også begynt på handball.

Brage går i femte trinn, og trivst veldig godt i ein mindre klasse enn det han hadde i Trondheim. Han likar å svømme, stå på ski (off-piste), gå tur i fjellet, og gaming så klart. Etter at han flytta hit har han og begynt med fotball og er med på 4H.

Vi er ein familie som trivst godt med turar i fjellet. Så vi gler oss til å bruke naturen meir. Håpar det blir ein snørik vinter!

### Kvífor kom de til Luster?

– Så fort Sognefjellet opna for vi ned hit i alle langhelgar og feriar. Vi har hytte i Engedalen (Raudbakk) som vi har brukt mykje. Stian og Brage bestemte seg for å flytte nedover etter å ha sett utsikten frå Børnestinen i fjor sommar. Tonje og Sindre kom på glid i løpet av vinteren, så då fekk kusina til Tonje – Janne – i oppgåve å speide etter hus. Det er godt å komme tilbake til

flott vestlandsnatur, og nærmare familiene våre.

### Kva er det beste med å bu i Luster?

– Det er roleg, oversiktleg og eit godt oppvekstmiljø med skular som har fokus på trivsel. I Gaupne bur vi nært det meste, så vi har ein enklare kvardag enn i byen. Og så er det fantastisk å kunne gå på fjellet og nyte flott utsikt på ein heilt vanleg ettermiddag! Eller stikke på bading innover fjorden, i Solvorn, Playa Hanaskjeren eller Lustrabadet.

### Kva kan Luster bli betre på?

– Vi har fått eit svært godt inntrykk av Luster så langt! Og det er mykje som er på gang. Bl.a. næringshage slik at ein får eit sosialt fellesskap sjølv om ein sit for seg sjølv. Vi håpar òg det blir fleire båtplassar i Gaupne. Elles er det ikkje mykje å setje fingeren på :)



Deler av røystestyret på Hafslo er klare til å ta i mot veljarane i samfunnssalen. F.v.: Claus Rumohr Moe, Sølvi Grande Loen, Jermund Hagen og Edith Flugheim.

# Stortingsvalet i Luster

Stortingsvalet 2021 er over, nytt Storting og regjering er på plass etter store demokratiske prosessar i mange ledd i heile landet. Me takkar alle som bidrog i arbeidet for gjennomføringa av valet her i Luster. Veljarane i Luster viste omsyn til smittevernråda og brukte heile førehandsrøysteperioden. Så mange som 1994 personar førehandsrøysta. Det er 51,97% av alle manntalførde. 29,63% av dei manntalførde røysta på valdagen.

## Deltaking ved valet, frammøteprosent:

Heile landet: 77,2%

Sogn og Fjordane: 79,7%

Luster: 81,6%

Valresultat Luster kommune og andre kommunar finn du på [valresultat.no](http://valresultat.no)

# Personalnytt

**Det er komne nye medarbeidarar på rådhuset i haust – og desse tre vil nok mange lusteringar møte:**



**Ole Gunnar Krakhellen** starta som stabsleiar for forvaltning- og utvikling 20.09.21. Han har både politisk og administrativ erfaring frå kommunal sektor – som ordførar i Solund, kommunalsjef for oppvekst og konstituert rådmann i Sogndal. Han har lektorutdanning med master i engelsk og held på med ein mastergrad i organisasjon og leiing.



**Olav Øyre hagen** starta som fagleiar for landbruk- og naturforvaltning 01.08.21. Han kjem frå stilling som landbruksrådgjevar i Sogndal og har master i husdyrfag/sivilagronom frå NMBU.



**Karina Thorkelsen Kleven** starta som byggesakshandsamar 01.07.21. Ho jobba på plan- og forvaltning i Sogndal før ho starta som byggesakshandsamar i Luster. Ho har bachelor i arealplanlegging frå Høgskulen på Vestlandet og årsstudium i naturmangfold frå Høgskulen i Innlandet.



# TV-aksjonen 2021

**Kwart tredje sekund blir ei jente gift bort. Bidraga til TV-aksjonen gir jenter moglegheit til å behalde barndommen, draumane og friheita.**

Årets TV-aksjon går til Plan sitt arbeid mot barneekteskap. Med årets TV-aksjon skal ein nå ut til tre millionar mennesker for

å få slutt på barneekteskap i dei landa der problemet er størst: Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger.

Resultat pr. 4. november syner at i Luster kommune kom det inn kr 402 284,- til TV-aksjonen. Dette gjev 49. plass på landsbasis og 10. plass i fylket. Bidrag pr. innbyggjar i

communen låg på kr 77,53 og er 32,42 kroner over landssnittet på 45,11 kroner.

Det er mogleg å støtte TV-aksjonen ut desember.

Tusen takk til alle bøsseberarar og alle som har støttå årets TV-aksjon!



Flinke bøsseberarar på Hafslo klare til dyst: Marie Holen Ovrid, Harald Hess og Gunnvor Kjos-Wenjum, Per Kristian Sønsthagen og Ivar Kvalen, Astrid Ullestад Walaker og Torild Tønnesen (bøsseansvarleg Solvorn).



# Vi inkluderer!

**Luster kommune har signert avtalen og er no med i «Vi inkluderer!»**

«Vi inkluderer!» er eit samarbeidsprosjekt mellom partane i arbeidslivet og NAV, der partane NHO, Virke, KS, Spekter, LO, Unio, YS og Akademikerne deltek og Arbeids-og velferdsdirektoratet er eigar av prosjektet.

Prosjektet er eit viktig steg på vegen mot å nå målsetjingane i inkluderingsdugnaden, som er eit felles samfunnsoppdrag for å få fleire i jobb.

For arbeidsgjevar vil «Vi inkluderer!» innebere:

- Fast kontaktperson i NAV for «Vi inkluderer!»
- Yte opplæring og tilsetje person(ar) frå målgruppa
- Deltek i inkluderingsdugnaden

- Samarbeid med tillitsvalte om avtaleinngåing
- Gi tilbakemelding til framtidig inkluderingsarbeid gjennom følgjeforskning

Og for NAV:

- Ta utgangspunkt i arbeidsgjevar sitt rekrutteringsbehov – no og framover
- Kandidatsøk hjå NAV i målgruppa for inkluderingsdugnaden
- Samarbeide med arbeidsgjevar om kvalifisering for målgruppa
- Få god kunnskap om verksemda og bransjen
- Samarbeide med tiltaksleverandørar

KS (Kommunesektorens organisasjon) som er part i «Vi inkluderer!»-prosjektet

har uttalt at dei har stor tru på at ein vil lukkast betre med å inkludere fleire som står utanfor arbeidslivet om ein tek utgangspunkt i kommunen og verksemdene sitt behov for arbeidskraft.

Sogndal kommune har vore med i prosjektet ei tid og har hausta gode erfaringar. Dette har inspirert NAV Luster til å invitere vår kommune inn. Vi har allereie eit godt samarbeid med kommunen og tenkjer at avtalen kan stimulere oss til å verte endå betre. Ein viktig del av arbeidet vårt er å yte koordinerte tenester frå NAV og NAV sine leverandørar til arbeidsgjevar. Ved å ha tett kontakt med kommunen og verksemdene får vi til både målretta rekruttering og inkludering.

Det vil gi arbeidsgjevar meir kunnskap om korleis dei kan legge til rette for og inkludere arbeidssøkjarar som elles ville hatt problem med å kome i arbeid. Vi håpar derfor at alle einingane i kommunen etter kvart skal sjå nytten av å vere ein del av «Vi inkluderer» samarbeidet.

Det er ein styrke at heile arbeidslivet tek del i dette arbeidet, då vil vi lettare klare å få fleire i arbeid – også dei som elles ville stått utanfor.

Med denne avtalen gir Luster kommune eit tydeleg signal til innbyggjarane og dei tilsette om at dei ynskjer å ta sitt samfunnsansvar og inkluderingsdugnaden på alvor.



# Vegen til sjølvstende

Ein sein septemberkveld landar eit fly på Haukåsen. På flyet sit ein familie som har reist i nesten to døgn, frå Rwanda til Noreg. Dei er slitne, svoltne og spente på sin nye kvardag i eit heilt ukjent land. Flyktningtenesta tek imot dei og følgjer dei til den nye bustaden deira i Gaupne. Alt er nytt og framande. Språket, klimaet, kulturen, materiell velferd, ja, det meste.

Familien har budd i ein flyktningleir i Rwanda. Her var huset laga av leire, med blikktak, jordgolv og ingen tilgang til straum. Dei laga mat på bål og henta vatn frå ein felles kran. Dei hadde utedo, og om kveldane hadde dei oljelamper og stearinlys. Familien fekk noko støtte frå UNCHR (The UN Refugee Agency), men det er ikkje nok til essensielle ting som klede, medisin og hushaldningsartiklar. Familien ønska seg eit betre liv,

eit tryggare liv, ei framtid.

I Gaupne ventar eit annleis liv. Her er det blitt haust og kortare dagar. I Afrika står ein opp ved soloppgang og avsluttar dagen ved solnedgang. Her brukar me tida og klokkeslett til alt me driv med. Dagen byrjar gjerne før det er blitt lyst og blir avslutta etter det er blitt mørkt. Her ventar skulestart, norskopplæring, burettleiing, kjennskap til norsk arbeidsliv, samfunnskunnskap, forelderrettleiing, kurs i livsmeistring, handtering av økonomi, opplæring i digitale ferdigheter og mykje mykje meir. Målet er at dei skal bli sjølvstendige og klare seg sjølve i eit heilt nytt land.

Så, kva skal til for å lukkast i Noreg? Få eit godt liv og ein meiningsfull kvardag:

**Tammam** er farmasøyt på Luster Apotek og har budd i

Gaupne i 4 år. Han kjem frå Syria.

Kva tenker du er nøkkelen til sjølvstende?

Nøkkelen er språket. Bli moden, ta eigne val som er smarte, halde avtaler og ta ting seriøst.

Eg har jobba knallhardt for å nå mine mål. Det har nok gått på bekostning av både fysisk og psykisk helse, men i dag er eg vorte farmasøyt og kan arbeide kvar som helst i verda. Eg ønskjer likevel å bu i Gaupne, plassen eg samanlikna med å vera i «Game of thrones» når eg vart busett.

Føler du deg integrert i Gaupne?

Eg tykkjer folk er hyggelege, men det er vanskeleg å kome inn på dei. Eg og mine syriske vener har nok møtt ein del skepsis. Eg tykkjer likevel det er bra at eg gjennom jobben min kan møte mange lusteringar,



slik at eg vert integrert på den måten.

Kva om du ikkje hadde eit mål når du kom til Noreg?

Då ville eg trenge hjelp og rettleiing til å finne ut kva mulegheiter eg hadde. Eg tenker uansett at språket er den viktigaste nøkkelen.

**Redwan** kom til Gaupne for 4 år sidan. Han kjem frå Irak. Redwan jobbar på Prix i Gaupne. Han gjekk to år på introduksjonsprogrammet for å læra seg norsk, han hadde praksis både i barnehagen og på Prix. På Prix fekk han seg etter kvart jobb. Redwan har blitt sjølvstendig. Han klarar seg sjølv. Han ønskjer no å ta førarkort slik at han kan vera meir fleksibel. Før han kom til Noreg var målet å starte ein restaurant saman med bror sin. Det blei ikkje heilt slik. Broren bur i Austerrike. Men Redwan har mange tankar og ønskje om framtida. No har han ein jobb han trivst med, så får han sjå kvar framtida vil bringe han.

Familien Musoni har budd i Luster i ca. 2 år. Dei kom direkte frå flyktningleir i Uganda. Familien kjem opprinnlegeleg frå Kongo. Dei 5 eldste starta rett i introduksjonsprogrammet, og

*Tammam treff du på apoteket i Gaupne.*

yngstejenta på barneskulen. «Det viktigaste for å bli sjølvstendig i Noreg er språket. Språket hjelper oss til å integrere oss og etablere relasjonar der me bur, men me må og ha ei utdanning». Kevin, Sylvie og Kellie går på vidaregåande i Sogndal. Familien har arbeida beinhardt for å læra seg språket. Dei har studert kvar dag, lest norske bøker, høyrt på radio med forskjellige dialekter og brukt tida godt på skulen.

**Sylvie:** «Mitt mål var å ta høg utdanning. Jeg ønska å bli ingeniør. Etter eg kom til Norge ombestemte eg meg og starta på helsefag for det passar meg best.»

**Marthe:** «Mitt mål var å læra norsk så fort som muleg. Så vil eg finne ein jobb slik at eg kan forsørge familien min.»

**Kevin:** «Eg hadde same mål som Sylvie før me kom til



*Familien Musoni.*

Norge, men no går eg på sal og service i Sogndal og ønskjer å bli bilseljar.»

**Francois:** «Målet mitt var å lære norsk, men å lære norsk er mye vanskelegare enn eg trudde.»

**Kellie:** «Når eg fekk vite at eg skulle til Noreg var eg interessert i interiørdesign. Dette er fordi det gjer meg glad å hjelpe andre menneske og gjere huset deira fint. No går eg på helsefag ved Sogndal vidaregående skule. Eg trur ikkje at målet mitt har endra seg, for eg ønskjer framleis å arbeide med menneske.»

**Baste:** «Mitt mål var å få vene sidan alle vennene mine bor langt borte få meg. Difor trengte eg nokon å ha det gøy saman med.»

**Familien:** «Me tenker at kvar og ein treng eit mål i livet for å ha noko å motivere seg til. Slik vert framtida betre. Me er einige om at ein blir veldig glad når ein har oppnådd det ein ville. Det er den beste følelsen!»

*Redwan treff du på Coop Prix i Gaupne.*





Besøk i kontorfellesskapet på Fjordstova. Torgeir Skålid, Ole Gunnar Krakken, Turid Øyene og Arne Hauge.

## Fleire kontor-fellesskap i Luster

Pandemien har verkeleg lært oss at mange kan gjere arbeidet sitt på ein PC, nærmest kvar som helst. Det er ikkje nytt, mange har gjort dette i fleire år, men i pandemien vart det vanleg. Vi ser og at det vert stadig fleire som kan ta med seg arbeidet når dei flytter heim. Mange av desse ynskjer ikkje å sitje åleine på eit heimekontor, men ynskjer å ha eit arbeidsfellesskap. Eit fellesskap der du har ditt eige kontor, eller eigen plass i eit kontorlandskap. Her kan du då treffe andre og slik også ha sosial og fagleg kontakt.

I Luster er det no tre plassar der det er høve til å leige kontor i slike fellesskap. Det er på Fjordstova på Skjolden som har tilrettelagt no i sommar med nye fine kontor. Det er og på Pyramiden i Gaupne. Der leiger Statkraft eit nyleg oppgradert areal i eit lite år framover, men det er ledige kontor i bygget for nye som er interesserte. I Jostedal Industrier i Jostedalen sitt bygg er det og ledig kontorareal, der er det fleire kontor utleigde. På Hafslø vert det arbeida med å få eit tilbod klart i løpet av fyrste halvår 2022.

## Folketalsauke i Luster kommune

2. kvartal 2021

SSB sine tal syner folketalsauke i Luster kommune på 22 personar andre kvartal 2021. Det vart fødde 8 born, 13 personar døydde, 62 personar flytte til Luster kommune og 28 personar flytte ut.

Folketal pr. 01/01-15	5118
Folketal pr. 01/01-16	5093
Folketal pr. 01/04-16	5098
Folketal pr. 01/07-16	5120
Folketal pr. 01/01-17	5151
Folketal pr. 01/04-17	5167
Folketal pr. 01/07-17	5184
Folketal pr. 01/01-18	5223
Folketal pr. 01/04-18	5240
Folketal pr. 01/07-18	5237
Folketal pr. 01/10-18	5207
Folketal pr. 01/01-19	5195
Folketal pr. 01/04-19	5187
Folketal pr. 01/07-19	5194
Folketal pr. 01/01-20	5174
Folketal pr. 01/04-20	5174
Folketal pr. 01/07-20	5176
Folketal pr. 01/01-21	5189
Folketal pr. 01/04-21	5211
Folketal pr. 01/07-21	5233



Nes gard.

# Utvikling i overnattningar

## i pandemisesongane 2020 og 2021, samanlikna med 2019

Statistikken (kjelde: gjestedøgn hotell og hytte/camping, SSB) for 2020 og 2021 vert samanlikna med 2019 for månadene juni, juli og august. Perioden januar – mai i år og i fjor hadde marginal reiseaktivitet grunna pandemien og er ikkje med i oppsettet.

### Juni

I Juni 2021 hadde Luster 9.908 gjestedøgn mot 7.430 i 2020 (+33%) og 22.291 i 2019 (-56%). Samla hadde Sogn 1% reduksjon i gjestedøgn i juni 2021 samanlikna med 2020, og 61,3% nedgang frå 2019.

### Juli

I Juli 2021 var det for Luster auke på 9,6% i tal gjestedøgn frå 31.280 i 2020 til 34.288 i 2021. Samanlikna med 2019

var det 9.741 færre gjestedøgna i Luster i juli (-22,1%). Til samanlikning var endringa i Sogn +3,7% i tal gjestedøgn i juli 2021 samanlikna med 2020, og -17,7% nedgang frå 2019.

### August

Auke i talet på utanlandske gjester etter gjenopninga av grensene i byrjinga av juli ga ein auke i tal gjestedøgn i Luster i august 2021 på 4.638 (+21,5%) frå august 2020, men framleis ein nedgang frå 2019 på 7.773 gjestedøgn (-22,1%). I Sogn var samla auke i tal gjestedøgn frå 2020 til 2021 på 18,6%, med ein nedgang på -26,4% frå 2019.

### Vekst i utanlandske gjestedøgn i august

Talet på utanlandske gjestedøgn i Sogn auka frå 34.483 i august

2020 til 44.967 i august 2021 (+30,4%), med reisande frå DE, NL, DK, SE, FR, IT, UK og USA som utgjorde 35,9% av alle gjestedøgna i Sogn denne månaden mot 32,7% i 2020. I Luster kommune var det totalt 26.199 gjestedøgn i august fordelt på 15.010 norske og 11.189 utanlandske gjestedøgn. Av dei utanlandske gjestedøgna i Luster var det flest frå Tyskland (5.582) og vidare Nederland (1.942), Frankrike (814), Belgia (684), Danmark (367), Italia (288), Sverige (223), Spania (157), Storbritannia (68) og USA (12).

Ståle Brandshaug  
Visit Sognefjord AS

# Luster Fritidsfond



**Alle barn og unge skal få moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar i Luster kommune. Økonomi skal ikkje vere eit hinder for deltaking. Kjenner du nokon som har lyst til å vere med på ein fritidsaktivitet, men ikkje har økonomi til det, kan Luster Fritidsfond vere til hjelp.**

## Kven kan søkje om støtte?

Alle lag og organisasjonar, førebyggande tenester og Sogn kulturskule kan søkje om støtte på vegne av barn og unge i alderen 6 – 18 år som bur i Luster kommune. Ungdom over

18 år med nedsett funksjonsevne og særskilde behov er også innafor målgruppa.

## Kva kan du søkje om støtte til?

- Medlemskontingent
- Lisens
- Trenings- og aktivitetsavgift
- Eigenandel for turar
- Leirar og cupar
- Klippekort og årskort i Lustrabadet
- Klippekort og dagskort i Sogn skisenter

Lustrabadet og Sogn skisenter er viktige sosiale arenaer for barn

og unge i kommunen, derfor er det no blitt mogleg å få støtte til å delta her. Kommunale tenester (NAV, helsestasjon, psykisk helseteam og ungdomslos) kan sende inn søknad på vegne av barnet/ungdommen.

## Føresette – slik gjer du det

1. Ta kontakt med trenaren/leiaren for den fritidsaktiviteten barnet ditt er interessert i og spør om han/ho kan søkje om å få dekka utgifta gjennom Luster Fritidsfond (oversikt over fritidsaktivitetar finn de i aktivitetskalenderen Friskus).
2. Trenaren/leiaren kan då søkje om å få dekka utgifta på vegne av barnet.
3. Dersom søknaden vert innvilga, vil fondet betale utgifta direkte til klubben utan informasjon om at det er din familie dette gjeld. Det er berre du/din familie, trenaren/leiaren og



medlemsansvarleg som veit at de har fått dekka utgifta via Luster Fritidsfond.

### Leiar/trenar

Me oppmodar alle leiarar/trenarar til å nytte denne flotte ordninga. Søknadsskjema finn de på heimesida til kommunen under *kultur, idrett og fritid – Luster fritidsfond*. Dei ulike lag/organisasjonane må sjølve informera medlemmane sine om kven dei skal ta kontakt med og korleis dei skal gå fram. Me treng dykkar hjelp til å få alle med ☺

### Spleislag

Luster Fritidsfond vert finansiert gjennom pengeinnsamling og me set pris på gåver og donasjonar frå bedrifter, lag, organisasjoner og privatpersonar. Luster kommune har bidrege med 75 000 kr og Luster Sparebank med 50 000 kr i samband med oppstart av fondet. Dersom det er nokon som ynskjer å gje midlar til Fritidsfondet er det veldig flott. Det betyr veldig mykje for mange.

Du kan sette inn pengar på fondet sin konto: **3785.07.00142**

**NB! Merk innbetalinga med:**

**prosjektnr. 20007, Luster Fritidsfond.**

Eller du kan bruke **Vippsnr: 596521**. Hugs å skrive kven innbetalinga er frå. (Fondet vert administrert av Luster kommune).

Meir informasjon om Luster Fritidsfond finn de under kultur, idrett og fritid på heimesida til kommunen. Har du spørsmål, ta kontakt med sekretæren for Fritidsfondet:  
Marte Kvisterø Krogstadmo  
E-post:  
*Luster.fritidsfond@luster.kommune.no*

# Ferdigstilling av basseng på Fjordstova

Bakgrunnen for rehabiliteringa av symjebassengen på Fjordstova vart omtala i Lustranytt nr. 1 for 2021. Kommunen la vekt på at anlegget skulle fornyast i samsvar med planar utarbeida av Asplan Viak AS. Det anleggsarbeidet som har vorte utført har gitt forventa resultat og bassenget er opna.

*Fjordstova sitt symjebasseng har fått eit utvida lyssetjingsprogram med både «stemningslys» og aktivitetslys.*





*NIKU sin delegasjon samla i Gaupne gamle kyrkje.*

# Kulturminne med nasjonal interesse

## **NIKU på synfaring i Luster kommune.**

I september var NIKU – forkortinga står for Norsk Institutt for Kulturminneforskning – i Luster for å sjå nærmere på fleire interessante prosjekt. NIKU har spisskompetanse på kulturminne, og utfører større og mindre oppdrag på vegne av private og offentlige aktørar.

Kristin Bakken vart direktør i NIKU i 2017, som saman med fagtilsette er både konservatorar, arkeologar, arkitektar, ingenører, geografar, etnologar, samfunnsvitarar, kunsthistorikarar, forskarar og rådgjevarar med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminne. Instituttet fokuserar på bygningane

sine kulturhistoriske verdiar og tilbyr kunnskap om forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling, og gjennomfører bygningsundersøkelsar,

dateringar, tilstandsvurderingar, sårbarhetsanalyse og fargeundersøkelsar. I tillegg har NIKU eit lovfesta ansvar for arkeologiske undersøkelser i middelarderbyene i Norge, og ved kyrkjebygg, kloster- og borganlegg fra middelalderen.

I Luster vart m.a. Gaupne gamle kyrkje, Wittgensteinhuset i Skjolden og Harastølen i Luster teke nærmare i augnesyn.

*NIKU fekk oppleva Harastølen anno 24.9.2021 både innvending og utvendig med guiding av Øystein Høyheim frå prosjektet Harastølen.*





Hestesportanlegget på Fluga, Hafslo er eit samarbeidsprosjekt mellom Hafslo idrettslag og Hafslo sogelag. Anlegget vil gje eit utvida tilbod til å få sjå ulike hestereidskapar, og stallplassar der hestar kan opphalde seg innandørs ved arrangement av ulikt slag. Dette er eitt av dei første hestesportanlegga i fylket som vert støtta med finansiering frå spelemidlane.

# Spelemiddelordninga og «nye» prosjekt i Luster

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2023 har eit vedteke handlingsprogram for både meir fysisk aktivitet, bygging av nye ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg.

Meir utfyllande informasjon om kva som ligg i desse handlingsprogramma finn du på kommunen si heimeside. Men det som er ein viktig faktor for å finansiere opp desse planane er tilgangen på spelemidlar, eller «kokt ned til»: overskotet av Norsk Tipping sin fordelingsnøkkel.

Nye prosjekt som er under vurdering og handsaming for godkjenning denne hausten/vinteren er:

**Nærmiljøanlegg:**  
Turstien Haugabru (i Gaupne sentrum) - Hotla.

## Ordinære idrettsanlegg:

- Fridrettsanlegg Gaupne stadion.
- Motorsportanlegget Knattekross på Leirmo, Gaupne.
- Motorsportanlegget Enduro på Leirmo, Gaupne.
- Motorsportanlegget Trial, Leirmo, Gaupne.
- Hestesportanlegget på Hafslo.
- Båthus med kajakknaust og naturmøteplassen på Hafslo.
- Rehabilitering Storatrekket, Sogn skisenter på Hafslo.
- Sprintløype Sogn skisenter, Hafslo.
- Turstien Nyestølen – Midtnovi, Veitastrond.
- Motorcross C på Leirmo, Gaupne.
- Snøproduksjonsanlegg langrennsanl. Sogn Skisenter.

For dei som enno ikkje er ferdige med planane sine for innsending av søknader på anlegg som er prioriterte i den kommunale planen er det nokre enkle forhold som er viktige å ha med seg:

1. Alle kostnader i eit prosjekt skal kunna dokumenterast.
2. Dugnad er ein finansieringspost (ikkje ei utgift).
3. Det skal liggja føre vedtak (årsmøte eller budsjett) på eigenfinansieringa.

For stiprosjekt skal det også markerast på eit kart kvar omsøkte anleggstiltak skal utførast.

For meir detaljert informasjon om tilskotsordninga kan kultursjef Erling Bjørnetun kontaktast.

# Har du lyst til å syng?

Eller kanskje lære deg eit instrument? Kanskje venen din spelar eit instrument, og du har lyst til å gjere det same? Eller kanskje du vil bli kjent med nye folk i eit kor eller orkester?

Då er Sogn kulturskule noko for akkurat DEG! Ein interkommunal kulturskule

med store ambisjonar. Uansett alder er du velkommen hjå oss, og me tilbyr eit breitt utval av opplæring i ulike instrument og samspelsgrupper. Spanande ting er óg i vente dei komande åra, mellom anna eit stort musicalprosjekt!

Med undervisning i heile Luster og Sogndal når vi ut til eit stort område, og vi vonar å sjå ein søknad frå deg!

Meir informasjon finn du på kulturskulen si heimeside: <https://sognkulturskule.no>



*Song er også eitt tilbod i Sogn Kulturskule.*

*Deltakarar på første samling: f.v. Dagfinn Hovland (kommunal ressurslærar), Eirinn Teigen Kvåle (Indre Hafslo), Ingrid Ruud (Solvorn), Oda Stadheim (Hafslo), Hanne Lindtveit (Gaupne), Solveig Sandvik (Gaupne) og Johannes Lund (Hafslo).*



## Kursrekke for nyutdanna lærarar

Luster kommune har gjennom fleire år hatt eit eige kurstilbod for nyutdanna og nytilsette lærarar. Dette skuleåret er det lagt opp til fire samlingar med ulike tema som kan vera

nyttige når du er fersk som lærar. Aktuelle tema er til dømes klasseleiing, heim-skulesamarbeid, vurdering for læring og generell erfaringsdeling. Samlingane vert haldne i

Prestegarden i Luster, og det er kommunal ressurslærar Dagfinn Hovland som er ansvarleg for samlingane.



*Uteaktivitet på SFO i Luster.  
Ingrid Mork Nygård følgjer  
med i bakgrunnen.*

# Nasjonal satsing og **kommunalt fokus på SFO**

**Frå 1. august har SFO fått sin aller første nasjonale rammeplan. Rammeplanen tek føre seg verdigrunnlaget og innhaldet i ordninga. Hovudmålet for SFO er å legga til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og interesser hjå barna i tillegg til å gje barna omsorg og tilsyn.**

Leik skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Barnehagane i Luster har i eit par år hatt eit samarbeid med STYD Kommunikasjon om temaet Psykisk helsefremjande barnehagar.

I dette utviklingsarbeidet har leikens verdi og det fysiske leikmiljøet hatt ei sentral rolle. SFO har det siste året også vorte trekt med i dette arbeidet og delteke på samlingar i STYD.

Det har gjort at det fysiske leikmiljøet på SFO har endra seg rundt omkring og inviterer no endå meir til ulike typer leik. Dette er ei endring som både barna og dei tilsette verkar å setja pris på. Alle barn skal få muligkeit til aktiv deltaking i leiken og å oppleva meistring. Leik kan stimulera til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet, seier rammeplanen.

Dette skuleåret er det for første gong tilsett ein felles SFO-ressursperson i 10% stilling, Ingrid Mork Nygård. Nygård har idrettsfagleg og pedagogisk utdanning, og kvar onsdag alternerer ho mellom dei ulike SFO-ane i kommunen og tilbyd opplegg som fremjar rørsleglede og fysisk aktivitet.

I samband med at det er innført nasjonal rammeplan for SFO, vil det også vera trøng for å tilpassa og oppdatera kommunal SFO-plan. Arbeid med kommunal SFO-plan vil skje våren 2022.



*SFO-lokalet ved Gaupne skule har fått ny utsjånad. Sofa og bord er vorten flytta ut, større golvflate til å leika på, utkledningsgarderobe, «rom i rommet» og mykje nytt leikemateriale.*

# Stor stas med sommarskule

**Sommaren 2021 kunne Luster kommune tilby eit omfattande aktivitets- og sommarskuletilbod for elevar frå 3. trinn til 10. trinn. Utvida FriMoro-dagar, danseverkstad, rockeverkstad, friluftsliv, foto- og lyskurs i tillegg til Sommarlab, oppfinnarverkstad og andre naturfaglege kurs.**

Det var stor oppslutnad om sommarskulen. Ikring 180 elevar deltok på eitt eller fleire kurs i dei fire vekene det var kursprogram. Aller flest deltakarar var det på FriMoro som denne sommaren vart utvida med ekstra pulje og bonusdag. Ekstra kjekt var det å kunne tilby FriMoro denne sommaren sidan denne tradisjonsrike og populære aktiviteten vart avlyst grunna pandemien i fjor.

*FriMoro var det mest populære kurset og baud på mange ulike aktivitetar:*

Ein stor takk til samarbeidspartnerane blant friviljuge lag og organisasjonar og støtte frå næringslivet som gjer FriMoro mogleg.

Dei naturfaglege kursa med vekt på utforsking og kreativitet samla også mange deltakarar. Reodorverkstad (oppfinnarverkstad med bruk av 3D-printar), battlebots (programmering av robotar) og designarspiren (redesign og trykk av klede og bruk av vinylkuttar og varmepresse) vart gjennomført i samarbeid med ViteMeir, det nye vitensenteret på Kaupanger. Sommarlab vart arrangert av Forskerfabrikken med støtte frå Luster Sparebank og Luster energiverk. Her var det kurs både på Hafslo og i Gaupne.

I samarbeid med Jostedal bygdelag vart det arrangert rockeverkstad og friluftslivskurs. Her var det både



kajakkpadling og brevandring. Luster danseverkstad tilbaud dansekurs både i Skjolden, Gaupne og Hafslo. Dette var særleg populært blant dei yngste elevane, men det var også eigne kurs for dei eldste og meir vidarekomne dansarane. I Gaupne var det kurs i fotografering og lyssetting. Her vart det teke mange kule bilete.

Kommunestyret vedtok før sommaren at elevane i grunnskulen skulle kunne bada gratis i Lustrabadet i skuleferien. Til saman vart det løyst 885 fribillettar, så dette var eit særpopulært tiltak blant barn og unge.

Det store kurstilbodet for barn og unge denne sommaren var mogleg fordi Kunnskapsdepartementet lyste ut eige tilskot til opprettning av sommarskule slik at elevar kunne delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skuleferien 2021. Dette var ei form for koronatiltak, og det spørst om staten vil ha liknande støtteordningar i åra som kjem.



*Spreke biletet på fotokurset.*



# Gaupne barnehage i byggeprosess

**Barnehagen er i vekst og har vore det dei siste åra. Dei siste åra har barnehagen hatt ei avdeling i mellombelse lokale i gamle gymsal, men frå neste haust får me alle born og tilsette samla på same område att. Det blir då ein barnehage med seks avdelingar og omlag 35 tilsette.**

Byggeprosessen er starta, og det pregar drifta. Det er gravemaskiner, arbeidskarar, lastebilar og høge byggegerjerde på store delar av uteområdet. Likevel har me fine dagar i barnehagen, og personalet er motiverte og positive og lagar gode og trygge dagar til borna. Foreldre er òg positive og viser forståing for situasjonen. Det er barnehagen svært takksam for.

Eitt av grepa kommunen og barnehagen har gjort er å investere i el-syklar der born og tilsette kan reise på tur ilag. Sidan uteområdet er

redusert under byggeperioden, brukar avdelingane mykje tid på dei ulike, fine turområda me har rundt oss i Gaupne. Med el-syklar er det lett å kome seg raskt til og frå ulike destinasjonar.

I november i år er Gaupne barnehage 10 år. Barnehagen utset markeringa til barnehagen er ferdig utbygd. Det er berre å gle seg til ferdig utbygging og markering.



*Lett å dra på tur med el-syklar.*



*Den store verda ventar på oss.*

# Hafslo barnehage med utedagar i Moane

**Veke 36 er friluftsveka, ei veke mange skular og barnehagar markerer med å gjere kjekke ting ute. Hafslo barnehage er ein av dei, 9. og 10. september pakka sol- og månegruppe sekkan sine og flytta ut i Moane. Vi fekk låne klubbhuset til Hafslo IL og møttes der på morgenane. Så fort alle var komne på plass, kledde vi oss og reiste ut.**

Vi hadde snakka om det lenge og stemninga var spent då dei fyrste barna kom tuslande inn i klubbhøuset torsdag morgen. Nysgjerrige blikk som saumfarte rom etter rom. «Kva er inne i det rommet?» «Kvar går denne døra?» Vi starta dagane med frukost for dei som hadde med seg det, og leik i garderobane. Barna fann seg fort til rette og tykte det var stor stas å få vere i eit klubhus.

Då alle var komne pakka vi sekkane våre med matboks, termos og flaske og for i veg. Fyrste dag stod tur til Tubba på agendaen. Det var ein nydeleg dag med opplett etter ein periode med regn. På stien gjennom skogen plukka vi blåbær og vi såg fleire hytter medan vi gjekk. Ikkje visste vi at Knerten hadde hytte der. Han sat på verandaen sin og sola seg.

Fredagen brukte vi på banane til ulike aktivitetar, blant anna lengdehopp, kast og spark av ball og anna leik. Vi vil sende ei stor takk til leiar av Hafslø IL, Ove Midtbø, som sørga for at klubbhuset var rydda til vi kom, og som ordna nøklar til oss slik at vi kunne nytte både klubbhuset og utstyr på banene.

Desse dagane var eit samarbeid med dei to eldste



*I lang lang rekke over Straumabru.*

årskulla for å fremje fellesskap, venskap og gode opplevingar. Ikkje berre eit avbrekk frå kvardagen i barnehagen med nytt miljø og nye erfaringar, men også vidare utforsking av

nærrområdet vårt og mykje fysisk aktivitet. Noko som også er med på å fremje livsmeistring og psykisk helse. Alt i alt to kjempekjekke dagar både for små og store.

*I ein glad og lystig flokk, og blåbær fann vi og.*





*Dragonbox kombinerer bruk av papirbok med digitale ressursar på nettbrett.*

# Velkommen inn i **Dragonbox**-universet

I samband med nytt læreplanverk i grunnskulen frå august 2020, er det kome mange nye læreverk på marknaden. Dette er andre året der dei yngste elevane på Hafslø barne- og ungdomsskule brukar Dragonbox, eit annleis matematikkverk der elevane møter ei rekke engasjerande og lærerike aktivitetar og oppgåver. Dragonbox er eit særeige univers med spennande figurar og kombinasjon av papirbok, konkretiseringsmateriell og program på nettbrett.

Uno, Duo og Tri er nokre av figurane – eller noomane som dei vert kalla – elevane møter på den magiske reisa til Noomia. Uno er kjemperedd, han er redd skuggen sin, ekkoet av stemmen sin. Og til og med redd for å seie noko feil eller sei noko i det heile. Duo elskar å prøve nye ting, han er modig og snill mot alle. Tri skulle ønskje han var rik og berømt, han drøymer om å bu i eit hus med

svømmebasseng. Dette er tre av i alt ti noomar elevane møter i dette fantastiske universet. Noomane er forskjellige slik som elevane på skulen. Alle har sine sterke og svake sider, og saman kan dei klare alt. I 2. klasse blir ein kjend med superheltlæraren Vilma. Saman med fnis-elevane hennar blir me med på ei reise gjennom tid og rom.

Dragonbox er arbeid i arbeidsbok, utforskning og samtale. Kanskje best av alt er den digitale læringsplattforma på nettbrettet. I dette spennande universet leikar elevane seg til matematikkunnskapar. Dei løyer oppgåver knytt til emnet i boka og får på den måten god mengdetrening. Dei puslar, plukkar, deler og teiknar samtidig som dei oppdagar dei matematiske samanhengane.

Mattesnakk-boka er ei heilt eiga bok som berre skal brukast til samtale. Her møter ein både noomane og fnisane. Me får vere med på små og store utfordringar og målet er å snakke matematikk saman, dele tankar og løysingar.

Det beste med Dragonbox er ifølgje elevane og lærarane:

- Bignumbers, elevane kallar den tri-appen
- Uteaktivitetar med Dragonbox
- Numbers, som elevane kallar duo-appen
- Arbeid på lærebrett med kodar knytt til sidene i boka
- Pusling på duo-appen



*Her er noomane: Frå den lilla - Uno, Duo, Tri, Kvart, Penta, Hex, Sept, Okta, Nona, Deka.*



*Inne i verkstadhallen på Vemork.*

## Skuletur med Aktive Fredsreiser

Laurdag 18. til onsdag 22. september var tiande trinn ved Hafslø barne- og ungdomsskule på skuletur med Aktive Fredsreiser. Turen byrja så tidleg som 04.30 med blide og spente elevar. Første stopp hadde me på Vemork kraftstasjon der me hadde omvisning på kraftanlegget og fekk fortalt historia til tungvatnssabotørane. Vidare same dag tok me togbana opp på Gaustatoppen og hadde omvisning i det gamle Nato-anlegget der. Me kom til slutt fram på Revsnes hotell i Byglandsfjord seint på kvelden, trøytte etter ein lang dag.

Andre dag på reisa vår tilbrakte me på Landeskogen Peace Center. Dette senteret er drive av Aktive Fredsreiser og har blant anna ei utstilling om den kalde krigen, ein menneskerettsti m.m. Seinare på dagen reiste me på rafting i elva Otra og elevane fekk prøva seg på dette.

Den tredje dagen stod Dyreparken i Kristiansand på programmet. Her fekk me med oss matinga av løvene og sjimpansane, samt at me gjekk og såg oss om. Etter besøket i Dyreparken for me på Sørlandssenteret og gjekk der og handla litt.

Me fekk òg besøkt Stiftelsen Arkivet i Kristiansand. I denne bygninga hadde Gestapo sin avdeling på Sørlandet hovudkvarter under 2. verdskrig. Her hadde me eit undervisningsopplegg om menneskerettar, samt at me fekk ein omvisning i torturfengselet i kjellaren. Me hadde med oss guidar som fortalte og synte fram dei ulike utstillingane.

Siste dagen på turen var me på Utøya. Her fekk me ein innføring i historia til Utøya opp i gjennom tidene. I tillegg fekk me og ein gjennomgang av dagen 22. juli 2011. Me fekk sjå utstillingane på kafèbygget samt minnesmerke på øya. Besøket på Utøya vart eit veldig sterkt og emosjonelt besøk for både lærarar og elevar. Etter at me kom tilbake ved bussen gjekk turen heim til Hafslø.



*Fangecella der Gestapo torturerte fangar under andre verdskrig.*



På Breheimssenteret viste dei oss korleis breen endrar seg. Temaet for dagen var naturvern og verdsarv.

## Luster oppvekstsenter – naturvern og kulturarv

**Det nye læreplanverket, LK20 – også kalla Fagfornyinga, legg opp til fleire tverrfaglege tema i grunnskulen. Luster oppvekstsenter har tidlegare jobba grundig med både tema Harastølen, kva fjorden har gjort for og med bygdene rundt oss og korleis landskapet i Indre Sogn er forma gjennom tidene.**

Denne hausten starta me med temaet Kulturarv og naturvern. Kva er eigentleg kultur, arv, vern, natur og verdi? Kva kan me læra av det som har vore før oss, kva har verdi for oss og kva er viktig å ta med oss inn i framtida?

Luster har særstak mykje å vera stolte av. Kunstnarane under nasjonalromantikken såg tidleg verdien av naturen her då dei gjekk omkring og laga skisser av folk og landskap. Dei mange høgdegardane, som Fuglesteg i Fortun og Berge i Luster,

kjenneteiknar distriktet vårt. Breen og Bresenteret har lenge vore blant dei mest populære turmåla i kommunen vår, og det var også Bresenteret som tok initiativet til temaet i ein invitasjon i vår.

Urnes stavkyrkje står sjølv sagt i ei særstilling som den eldste stavkyrkja i landet, og draktskikken frå eldre tider har me også all grunn til å vere stolte av. For å nærma oss temaet var det naturleg å sjå til Unesco si verdsarvliste, der

Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje kom omtrent på same tida, Urnes eit lite hakk framføre og altså aller først i

landet på denne eksklusive lista. Feiga, den gamle industristaden ved Feigumfossen, var også del av prosjektet. Gjennom hausten

har elevane besøkt, reflektert og skrive seg gjennom store deler av den rike lokale kulturarven vår.

*Skule og skuleklubben på hausttur på Fuglesteg.*



## Berekraftig utvikling som tema i skulen på Indre Hafslo

**Eit overordna tema i læreplanen er berekraftig utvikling:  
«Ei berekraftig utvikling byggjer på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Levesettet og ressursbruken til menneska har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.»**

Dette temaet har elevane ved Indre Hafslo oppvekstsenter jobba med våren og hausten 2021. Denne perioden har me sett på korleis me kan utnytte ressursane i vårt eige nærområde i staden for å frakte maten vår jorda rundt. Me har

også sett på korleis kvar og ein av oss kan redusere matsvinnet.

Våren 2021 inngjekk 1.- 4. klasse ved Indre Hafslo oppvekstsenter eit samarbeid med Bøtun marknadshage som blir driven av Mathilde og Martin Larsen.

Bøtun marknadshage ligg i vårt nærområde, og dei driv blant anna med dyrking av økologiske grønsaker. Kvar fredag heile våren var elevane, gruppevis, på besøk i marknadshagen.

Her fekk me både lære og sjå korleis ein kan dyrke eigne grønsaker. På skulen laga me oss også ein grønsakhage. Her dyrka me spinat, gulrøter, reddikar, rødbetar, sukkererter og grønkål.

På besøk i marknadshagen smaka me til dømes på spirer,

kvitløk, knutekål, gulrøter, rødbetar og reddikar. På skulen laga me spinatsuppe, spinatpannekaker, chips av grønkål, og SFO-en laga grønsaksuppe av grønsakene me hadde dyrka i vår eigen hage. Me lærte svært mykje ved å ha dette samarbeidet med Mathilde og Martin. Ikkje minst viste dei oss at ein kan dyrka mykje mat på lite areal også om ein bur på ein stad som Indre Hafslø. Og dette meiner me er viktig kunnskap for framtidige generasjoner.

Hausten 2021 har 5., 6. og 7. klasse jobba med det same overordna temaet, men dei har hatt eit litt anna fokus sidan dei har jobba med matsvinn. Me starta det heile med eit besøk til SIMAS på Kaupanger, og her fekk me mykje god informasjon om både matsvinn, resirkulering og bossortering.

29. september var den internasjonale dagen mot matsvinn, og elevane tykte det var skremmande å høre at me kastar 1/3 av all mat som blir dyrka. Renovasjonsselskapet SIMAS har ein kampanje mot matsvinn i Sogn. Dei hevdar at 50% av all maten me kastar her i Sogn er etande. Og dette var me samde om at me ikkje kan fortsetje med. Elevane hadde mange gode forslag til korleis me kan bruke mat som me elles kanskje ville ha kasta. Elevane laga plakatar med mange gode tips om korleis me kan redusere matsvinnet vårt. Me vart også samde om at det er viktig at kvar og ein av oss gjer noko.

Me har funne ut at mykje av matsvinnet heng saman med at butikkane må kaste mat som er utgått på dato. Bruk av



*Smaksprøvar på fargerike grønsaker frå Bøtun gard.*

diskar med datovarer er blitt meir vanleg i alle butikkar, og mange stader sel dei også «good to go» posar med nedprisa varer med «dårleg» dato, men som er like gode. Elevane lurte på om me kunne ta kontakt med ein matbutikk for å høre om me kunne få litt av desse varene som dei likevel skulle kaste. Og veka før haustrferien tok me kontakt med Spar Gaupne. Dei var svært positive til dette, og me fekk ein heil kasse med datovarer som me kunne bruke i prosjektet vårt. Og fredag før haustrferien var det tid for matlaging. Og etter fleire timer

på kjøkkenet hadde me ein heil liten buffé med smaksrike rettar.

Så kva har me lært? Ein bør planlegge innkjøpa sine, og ete opp det ein har før ein kjøper nytt. Me treng ikkje ha datoskrekk, fordi mat kan vere like god også etter best før dato. Brune bananar smakar også godt, og det meste kan brukast i smoothie. Middagsrestar er fine å ha med seg til lunsj. Og som ein elev sa det då me studerte kassen med svinn-varer frå Spar. «All den frukta som ikkje er «god nok» til å seljast, kunne jo me brukt til fruktservering på skulen».

# Solvorn oppvekstsenter

## – midt i smør- og fruktauget



*Elevar følgjer med når Vidar Åsen fortel om livet i fjorden.*



*Spennande med safting.*

**Vi er heldige i Solvorn og Luster. Tenk på kva skattkammer av ein natur, vi har rundt oss på alle kantar. Kvar vi enn snur oss, finn vi naturperler på rekke og rad. Perler som er perfekte klasserom for lærelystne og nyfikne elevar.**

Dette eldoradoet av natur tek vi for oss av, her på skulen - utan blygsel og måtehald. Vi ynskjer å nytte alt naturen har å by på, i skulekvardagen vår. Her er rom for mykje læring – både praktisk og teoretisk. Vi leikar og lærer «hand i hand» - og dette er lærdom, som ein ikkje like lett tileignar seg frå lærebøker, framom ei tavle. Fysisk fostring er læring for livet – for å bli rusta til utfordringar livet vil by på, i kort og lang tid framover. Naturskjonne stader, som Måsaviki og Nyre, er vortne hyppig besøkt av elevane i Solvorn. På desse utfluktene, finn vi mange spennande ting, som er svært interessant å studere på nært hold, til dømes dyrekadaver.

Ein viktig del av fagfornyinga, er nettopp det at det skal vere eit større fokus på livsmeistring for barn og unge i opplæringa, samt at vi skal bli beviste på ei berekraftig tilnærming til naturen og samfunnet rundt oss. Summen av dette, skal bidra til at vi sender samfunnsbeviste unge vaksne ut i verda, som er

motiverte for å ta vare på den vakre og eineståande naturen vi bur midt i sentrum av.

Hausten har, som mange sikkert har notert seg, vore svært grøderik. Det er ikkje ofte vi ser at trær og busker er so frukt- og bærtunge, at dei mest brekk av. Dette har vi fått godane av – i bøtter og spann, pose og sekk!

Vi ynskjer å i stor grad nytte nærmiljøet vårt, til læring og aktivitetar. I haust, har vi ikkje hatt mangel på tilbod for å nytte nærmiljøet vårt:

Kjekke naboar (Torhild), har kome med berepose med pærer, som vart teikna etter alle kunstens reglar – og so åt me dei rett og sett opp etterpå.

Vi vart invitert til Ornes for å plukke so mykje blåbær som vi ville, hjå Landro/Bugge – og gjett om vi ville! Blåbæra vart sylta og safta og putta «på glas». Vi vonar dei truleg vil gi gode sommarminne, til den som et desse i løpet av vinteren.

Vi har nærast fått kasta etter oss førsteklasses eple, når vi var ute og gjekk tur på Ornes – luksus! Ein ting er i alle fall sikkert – vi vil ikkje få problem med å dekke «5-om dagen» kvota vår, denne hausten. Mogleg vi kan gå for 10-om dagen, om det skal halde fram slik.

For ikkje å snakke om skulens eigne epletre, som i år har bore tungt, med sote, gode eple. Me var so heldige

å få Gjermund Hagen på besøk, som hadde med seg ei saftpresse, slik at vi verkeleg fekk nytte mesteparten av epla våre. Ein heil skuledag, der vi plukka, vaska, kverna og pressa epla. Ut rann det reinaste gull, som vert tappa på høveleg vis, etter strenge reglar om hygiene og oppbevaring. Dette er nok ein skuledag, som elevane vil huske godt og lenge – også veldig kjekt for lærarane å få vere med på denne prosessen.

Vi har også fått vore med på eit veldig spennande prosjekt, om livet i fjorden, med Vidar Aasen, der elevane fekk ut i båt og heise teiner sjølve. Å handtere sprell levande krabber og kreps, er ei salig blanding av spennande og skummelt på ein gong. Ikkje minst er dette aktiv læring, som gjer skuledagen veldig kjekk og lærerik – då er verkeleg skulen for alle!



*På tur til Måsaviki der elevane kom over eit hjortekadaver.*

Faget Mat og Helse, har verkeleg fått køyrt seg i år, med tanke på å halde gamle og gode tradisjonar i hevd. Vi har safta og sylta, vi har laga mos og kos, vi kan lage smuldrepai og eplemuffins, nærmast i blinde og med begge armane på ryggen – vi føler vi «har taket» på å nyte og nytte naturens skattkammer no – og i tillegg, er vi vortne svært sunne og eplekjekke...

Me synest også det er ekstra stas når lokale verksemder tilbyr oppvekstsenteret å «bli kvitt» islageret sitt, før dei skal stenge for sesongen. Vi «tok ein for laget» og møtte elevsterke opp hjå «Nesten heime» i Solvorn – sjølv sagt byr vi på vår ekspertkompetanse då. Vi kjem gjerne att!

# Kulturøkt på Skjolden oppvekstsenter

**Endeleg fekk me invitera til kulturøkt igjen etter at koronaen sette ein stoppar for alle sosiale tilstellingar på oppvekstsenteret. Onsdag 6. oktober ønska konferansierane Kostek og Didrik foreldre, sósken, besteforeldre og andre frammøtte velkommen til kulturøkt. Allrommet var fullt og mange var spente på kva me hadde by på.**

Kulturøkt er ein lang tradisjon her ved oppvekstsenteret i Skjolden, og me har vanlegvis ei økt før vi tek ferie. Målsettinga med økta er at elevane skal vise fram kva dei har jobba med i perioden. Elevane viser stolt fram kva dei har jobba med, for var det noko dei har sakna i koronaperioden, så var det kulturøkta.

Programmet frå scena var som vanleg variert både song, dans, dikt, video og andre munnlege presentasjoner.

Alle elevane starta med å synge songen «Det besta i verden e' venner». Første perioden dette skuleåret har hatt «Me skapar venskap» som tema, og teksten handlar om at vi er alle unike og spesielle, og høyrer til i veneflokken! Og ikkje minst; veneflokken kan utvidast!

Barnehagen song om geometriske former som har vore tema i no i haust. 1.-2. klasse fortalte oss korleis ein god ven skal vere og dei framførte også sjølvlaga dikt. 3.-4. klasse har jobba med takt og tonar i musikken og dei framførte Dovregubbens hall med boomwhackers. 4.-7. klasse hadde laga digitale presentasjoner om seg sjølv på engelsk, og Kristen, Sofia og Josefine presenterte sine.

Øystein og Jens tok oss i minecraft-verda. Dei viste oss samfunn dei hadde laga i dataspelet med vegar, hus, skular, slott, rådhus og andre nyttige bygningar. Noko av det viktigaste i «verda» var reglane dei hadde skrive på ein vegg i rådhuset. Minecraft er eit eksempel på korleis ein kan jobbe nytt med kompetansemål i



Barnehagen ønsker velkommen til kulturøkt.

samfunnsfag, norsk, KRLE og dei overordna måla i læreplanen.

Storskulen fortalte òg om Utviklingsrådet som startar på skulen etter haustferien. Det blir spennande å sjå kva som blir bestemt for aktivitetane resten av skuleåret. På «Bli med dansen» måtte alle vere med, også publikum.

I år har heile storskulen mat og helse i lag, og i haust har dei laga mat med rognebær, blåbær og plommer. På kulturøkta solgte dei brød med rognebær, rognebæргelé, blåbær- og plommesyltetøy. 1.-4. klasse deltok på "Kongle for ein dag" med skogselskapet i september, og på kulturøkta solgte dei bjørkehjarte dei laga den dagen.

I klasseromma var det utstillingar av arbeid som elevane har jobba med frå ulike fag, og publikum tok med seg kaffekoppen og rusla rundt for å sjå seg om. Berre glade ansikt å sjå!

*Flott rognebærtre som del av elevutstillinga.*





Potetsanking på gang.

## Haust som tema ved **Veitastrand oppvekstsenter**

**Dette semesteret har elevane ved Veitastrand oppvekstsenter hatt haust som tema. Me arrangerte vår eigen haustfest der me inviterte bygda til mat og enkelt program. Det var nokre travle dagar i vekene før haustfesten. Det skulle haustast, bakast, lagast program og øvast.**

På ein haustfest er det naudsynt med tradisjonelle potetskaker. Potetkakene vart laga av poteter som elevane og dei eldste i barnehagen var med å plukka. Me var på gardsbesøk til John og Rakel Molland. Her fekk borna ei innføring i korleis poteter vert sådde på våren, og dei fekk sjå korleis resultatet vart på hausten. Borna fekk òg sjå at det er slutt på manuelt potetopptak. John køyrd framfor med traktor og tok opp

potetene med maskinhjelp, medan ivrige born gjekk bak og plukka i bøtter. På ein god time så hadde me samla ein traktorhengar med poteter. Ein del av desse nytta me til potetskaker til haustfest, i tillegg til at borna fekk ta med seg heim nokre poteter dei kunne ha til middag heime.

Å laga potetskaker til ei heil bygd var ein stor jobb som 5.-7. klasse fekk ansvar for. Her måtte mange poteter skrellast

og kokast. Til sjølve bakinga og steikinga fekk me hjelp av to ekspertar på området, Ingrid Heggestad og Rakel Molland. Det vart først kverna poteter, før deigen vart laga. 1.-4. klasse var med 5.-7. å baka ut potetkakene, i tillegg til at dei sjølv sagt var med på smakinga.

Til potetkaker lyt ein sjølv sagt ha smør. 1.-4. klasse fann ut at dette kunne me like godt lage sjølve. I mangel på kinne, vart det prøvd ut fire ulike måtar å lage fløyte om til mjølk: handmiksar, manuell visp, handvisp og syltetøyglas som me rista.

Me erfarte at dette tok tid, men elevane var med godt mot. Etter kvart var det på tide å pressa resten av mjølka ut og salta smøret, før det var klart

til smaking. Heldigvis vart det godkjent av elevane.

26. oktober var dagen oppvekstsenteret samla bygda til haustfest. Oppmøtet var stort. På agendaen stod sal av kaffi og kaker, i tillegg til underhaldning frå barnehagen

og skulen. Inntektene frå salet gjekk til Care 4 starving children, og elevane og nokon av barnehageungane fekk sjølve levere pengane til Bjørn Skovly. Gjennom prosessen har ungane på Veitastrond oppvekstsenter jobba godt og lært mykje.



*Full fres frå scenekanten.*



## Vinnrarar av den nasjonale **Kast Ballen-** konkurransen 2021

Denne hausten utfordra Noregs Handballforbund alle 1. til 3. klassingane i landet til å delta i Kast Ballen.

Heile 600 skular i heile landet meldte seg på. Alle deltokarskulane fekk tilsendt gratis ballar til bruk i opplegget.

Kvar dag fekk elevane ei ny utfordring å bryne seg på. Etter kvart som elevane meistra utfordringane, kryssa dei av på eit skjema. Opplegget vart avslutta med ein Kast Ballen-dag med mange kjekke aktivitetar.

Johan Johnsson frå Handballforbundet dukka uventa opp på 3. klasse si morgonsamling og fortalte at 3. klasse ved Gaupne skule hadde vunne den nasjonale konkurransen. Han delte ut ein stor pokal, ein medalje og ein handball til kvar elev og til slutt ein gavesjekk frå sponsor VG på heile 10 000 kroner.

Jubelen stod sjølv sagt i taket blant 3. klassingane samt hjå foreldre, besteforeldre og medelevar som trudde at dei berre skulle vere publikum på ei heilt vanleg morgonsamling.

# Oversikt over **transporttilbod** i kommunen

## **Serviceskyssen:**

Serviceskyssen er eit tilbod til alle som bur i Luster kommune, det er inga form for godkjenning for å nytte seg av dette tilboden. På faste dagar til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Rutene går sjølvsagt i retur seinare på dagen.

Alle passasjerar som ønskjer å nytta Serviceskyssen må bestilla hjå **Luster Taxi (tlf: 57 68 16 20) innan kl. 18 dagen før turen.** Då avtalar ein tidspunkt for henting.

**Eigenbetaling kr 30 kvar veg.**

Oversikt over rutene:  
<https://www.luster.kommune.no/serviceskyss.399672.nn.html>



## **Buss:**

I Luster kommune har me bussruter som går til dei ulike bygdene til ulike tider. Du kan søke på [www.kringom.no](http://www.kringom.no) for å søke opp di rute og finne tidspunkt bussen går.

## **TT ordninga:**

TT transport er eit tilbod som skal bidra til at personar med ei funksjonsnedsetting som bur i Luster kommune, skal ha eit alternativt transporttilbod.

Transporten går føre seg med drosje.

Du kan lese meir om ordninga og søknad her:

<https://www.vestlandfylke.no/Kollektivogtransport/ttkort/sok-tt-kort---hordaland/>

## **Luster ungdomstaxi –**

### **LUT:**

Er eit tilbod til ungdom busette i Luster mellom 13-19 år. Dette er eit tilbod som gjeld frå alle opne arrangement i Luster kommune, også trening/øving, møte og kurs.

Må vera minst to passasjerar.

**Eigenbetaling er 50,- kr pr gang pr person kvar veg.**

Du bestiller tilboden hjå **Luster Taxi, tlf 57 68 16 20,** sei ifrå om at du skal nytte denne ordninga.

## **Trygt heim for ein 50-lapp:**

Dette er eit tilbod som er ope for alle, men det er spesielt retta mot ungdom mellom 16 og 24 år. Ruta går kvar natt til søndag heile året, i tillegg går rutene natt til 1. mai, natt til 17. mai og natt til 3. juledag. Rutene er både faste ruter og bestillingsruter.

Bestillingsruta må bestillast på **tlf 57 67 10 00 innan kl 18 same dag.** Her må det vera minst tre reisande for at den skal gå.

Oversikt over ruter:

<https://www.kringom.no/sognadal-kl-0230-natt-til-soendag.5480386-318964.html>

**Reisande under 30 år betalar 50,- – dei over 30 år betalar 100,-**



## **Skyss til balansetrening:**

Luster kommune tilbyr skyss til «Betre balanse»-gruppene på omsorgssentra.

Du kan bestille ved å ringe **Servicetorget på Rådhuset, tlf 57 68 55 00** (opningstid 9-15).

**Siste frist er kl 15 dagen før.**

## **Facebook-grupper for samkøyring:**

I Luster har me ulike grupper på Facebook som har som mål å bidra til meir samkøyring.

**Jostedal – saker, ting og skyss:**  
<https://www.facebook.com/groups/454265267948483>

**Samkøyring i Luster:**  
<https://www.facebook.com/groups/291633888537817>

Her kan du legge inn spørsmål om turar eller legge inn at du tilbyr skyss. Dette er både sosialt, du kan hjelpe andre og det er miljøvennleg!

## **Skyss til Seniortreff:**

Det blir organisert transport til Seniortreff for dei som har behov.

**Påmelding pr. tlf. 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00.**



# Ungdomslos

**Er du lite motivert for skulearbeid, har du utfordringar med å kome deg på skulen eller treng du hjelp til å koma i gang med aktivitet? Då kan du ta kontakt med Armando Navarro som er ungdomslos i kommunen.**

## Kva er ein ungdomslos?

- Ungdomslosen er eit tilbod for elevane på ungdomsskulane i kommunen; for å auke trivsel på skulen, auke mestringskjensle og for å førebygge fråvær.
- Ungdomslosen samarbeider tett med ungdommane sine foreldre eller andre omsorgspersonar og hjelper dei med å understøtte ungdommane sin skulegang.

## Kva kan ungdomslosen hjelpe til med?

- Planlegge lekser og studieteknikk
- Sortere tankar og kjensler, takle nervositet
- Støtte- og motivasjonssamtalar med ungdom

- Vekking/køyring/henting til og frå skulen (i avgrensa tidsperiode)
- Hjelpe til med å strukturera kvardagen og få god døgnrytme
- Skape nettverk og sosiale relasjoner
- Motivere og lose inn i aktivitet på fritida
- Bli med ungdommen i møte med ulike instansar
- Vere med på overgangen fra ungdomsskule til vidaregåande opplæring
- Hjelpe og motivere ungdom til å kome i kontakt med hjelpetenester
- Hjelpe til med andre type tiltak som ungdommane treng for at dei skal oppleve sin kvardag som god

Ungdomslosen skal hjelpe ungdom når dei sjølv ynskjer det og kan møte ungdommen på deira arena, samt vere til stades når ungdommen treng nokon å snakke med.



Armando Navarro.

## Korleis kome i kontakt med ungdomslosen?

Elevane sjølv kan ta kontakt med ungdomslosen på skulen eller via tlf./SMS. Føresette/omsorgspersonar, tilsette på skulen eller andre offentlege tilsette kan ta direkte kontakt. For å avtale møte kan du enten ringe eller sende ei melding på 45979559 eller på e-post

[Armando.Navarro@luster.kommune.no](mailto:Armando.Navarro@luster.kommune.no)

Dette er et lågterskelt tilbod – har du ei bekymring for ein ungdom – ta kontakt.

# Bli med og planlegg møteplass for ungdom – ungdomsklubb



Det har den siste tida vore etterspurd fleire sosiale møteplassar i kommunen, spesielt for ungdommen. Dette har blant anna ungdommen sitt kommunestyre sett lys på. Difor skal me starte ein heilt ny møteplass for ungdom. Målet er å skape ein stad kor ungdommane trivst og ønskjer å kome. Me vil derfor at ungdommen

skal vere med i heile prosessen. På den måten kan dei medverke til at det blir slik dei ønskjer – noko me håpar gjer at møteplassen blir ein stad dei ønskjer å vere!

Om du har lyst å vere med å planleggje - ta kontakt med prosjektleiar Ingrid Mork Nygård på tlf. 94156230 eller e-post: [ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no](mailto:ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no)

Prosjektleiar Ingrid Mork Nygård.



## HaustMoro



**I haust gjennomførte me HaustMoro for fyrste gong!** Det vart to dagar med ferieaktivitet i haustferien. Ein sykkeldag i Sogn skisenter for 4.-6. trinn og ein dag med paintball og ope hus på Fjordstova for 7.-10. trinn. Sjølv om me fekk både regn og snø i løpet av dagane var det god stemning og mykje flott aktivitet! Tusen takk til alle som har bidrige: Luster Frivilligsentral, Luster Sparebank, Avery Dennison NTP, Fjordstova, Luster Paintball, JB turvogn, Sogn skisenter og ATS.



Foto: Frode Klevrud.

## Stolpejakt

Endeleg kjem stolpejakta til Luster! Stolpejakta har gått som ein farsott i heile landet dei siste par åra – og no har idrettsrådet i samarbeid med IL Bjørn, IL Fanaråk, Luster IL, Hafslo IL og kommunen starta planlegginga av stolpejakt i Luster.

Stolpejakta handlar om å finne stolpar som er plassert rundt om i bygdene. Kvart idrettslag skal ha stolpar i si bygd. Mange av stolpane blir lett tilgjengelege, slik at alle kan delta! Rykta seier at nokon legg feriane sine etter kor det finst stolpar – so her er det også noko å hente for reise- og næringsliv!

Me gler oss til stolpejaktsesongen som byrjar til våren! Du finn då informasjon på kommunen si heimeside, idrettslaga sine heimesider, Friskus, samt på stolpejakten.no. For å registrere stolpane er det anbefalt å bruke stolpejakt-appen, men dei kan og registrerast manuelt. Følg med til våren for oppstart og meir informasjon!

# Luster danseverkstad



Danseverkstaden starta endelig opp 6. september 2020 etter eit lang og usikker tid. Etter ei fantastisk elevforestilling der vi hadde fullt hus fekk vi stor auke i elevtalet.

Vi hadde danseskule i sommarferien med totalt 50 elevar spreidd i Gaupne, Skjolden og Hafslo.

Instruktørane har gått gjennom intensive kurs denne våren, oppjustering i undervisning og dans. Ove Henning Solheim og Elisabeth Bustos har fulgt dei opp tett og styrka Luster danseverkstad med inspirasjon og motivasjon.

6. desember er det igjen klart for elevforestilling med alle danseglaide elevar.

Instruktørgruppa Passion er godt i gang med øving til fylkesturné saman med andre instruktørgrupper frå Sogn, Sunnfjord og Bergen. Denne turnéen har premièре oktober 2022. Dette gler vi oss til!

## FriMoro i 5 dagar!

**I sommar gjennomførte me FriMoro i heile 5 dagar. Me var heldige med været og alle som var med storkosa seg.**

FriMoro er eit stort samarbeids-tiltak i kommunen.

Lag- og organisasjonar, næringsliv og fleire teneste-område i kommunen er med. I år fekk me også støtte

av sentrale myndigheter. Tusen takk til alle som har bidrege: Nasjonalforeningen for folkehelsen, Gaupne Helselag, Luster Lions, NAV, Psykisk helseteam, Luster Frivilligentral, flyktningetenesta, Luster Sparebank, Parken Gaupne, Bufdir, Utdanningsdirektoratet, Luster Turlag, Statens natur-



oppsyn, Luster Helsestasjon, Frisklivssentralen Sogn.



# Kvifor brukar me Friskus?



**Opplev Luster** AKTIVITETER ARRANGØRER BLI ARRANGØR LOGG INN

Forside Luster Dato Aktivitetstype Kategori Filter Kalendervisning

18	19	20	21	22	23	24
24.00 - 23.00 Gjengen						
08.00 - 13.00	13.00 - 14.00	18.00 - 13.00	08.00 - 13.00	12.00 - 17.00	12.00 - 17.00	14.00 - 18.00
Friskusveksling	Gjeng med Luster	Gjeng - Øktaktivitet	Friskusveksling	Vilbystyle	Vilbystyle	Festivals
13.00 - 15.00	15.00 - 17.00	18.00 - 26.00	10.00 - 11.00	12.00 - 15.00	12.00 - 17.00	16.00 - 18.00
Berlusdag	Verstadsdag	Lørdagskurs	Utbrettning	Søndag	Vilbystyle	Festivals
13.30 - 15.00	15.00 - 17.00	19.30 - 21.30	10.30 - 11.30	12.00 - 13.00	12.00 - 13.00	19.00 - 21.00
Friskusveksling	Verstadsdag	Kunstnerdag	Kunstnerdag	Brings	Brings	Vilbystyle
14.00 - 17.00	13.00 - 14.00	12.00 - 15.00	12.00 - 13.00	13.00 - 14.00	13.00 - 14.00	
Friskusveksling	Verstadsdag	Lørdagskurs	Lørdagskurs	Konsert	Konsert	
17.00 - 18.00	13.00 - 15.00	16.00 - 17.00	13.00 - 14.00	14.00 - 15.00	14.00 - 15.00	
Friskusveksling	Verstadsdag	Danseskolen 1-4 trinn	Danseskolen 1-4 trinn	Danseskolen 1-4 trinn	Danseskolen 1-4 trinn	
18.00 - 20.00	17.00 - 18.00	17.00 - 18.00	17.00 - 18.00	18.00 - 19.00	18.00 - 19.00	
Julemarknad	Danseskolen 1-4 trinn	Danseskolen 1-4 trinn	Danseskolen 1-4 trinn	Vippe	Vippe	
19.00 - 21.30	17.00 - 18.00	18.00 - 19.00	18.00 - 19.00	19.00 - 20.00	19.00 - 20.00	
Julemarknad	Danseskolen 1-4 trinn					

Opplev Luster | Vilbystyle | Dersom du trenger hjelpe til kontakt med oss på support@friskus.com

Eit av måla med å bruke Friskus er at me ønskjer at fleire innbyggjarar skal vere aktive og finne ein aktivitet som passar for akkurat seg. Me veit også at mange har ønska seg ei oversikt over aktivitetar i kommunen.

Lag og organisasjonar som skal søke om driftstilskot ønskjer me skal ha ein profil på Friskus. Dette fordi me vil at Friskus skal gje ei god oversikt over alt som skjer av aktivitetar i kommunen vår.

Du kan hjelpe oss med å spreie informasjon om Friskus.

Sjekk ut:  
<https://luster.friskus.com/>

Her kan du filtrere for eksempel på kalender (bilde 1), vanleg liste (bilde 2), eller kart (bilde 3).

**Opplev Luster** AKTIVITETER ARRANGØRER BLI ARRANGØR LOGG INN

Forside Luster Dato Aktivitetstype Kategori Filter Kartvisning

Tilbakestill filter

13.Okt. 2021 - 01.Dec. 2021 (men. kl. 00.00, hel. kl. 00.00 - 23.59 - 50 Aktivitetar)

Gågjengen

Nærmestfremminger Gående Inntekts

HaustMoro - Sykkeldag i Sogn skisenter 4.-6. trinn

Lørdag

Lørdag

Lydighets trening

Lørdag

FRISKUSSENTRALEN

**Opplev Luster** AKTIVITETER ARRANGØRER BLI ARRANGØR LOGG INN

Forside Luster Dato Aktivitetstype Kategori Filter Kartvisning

Tilbakestill filter

Friskusveksling

Friskusveksling

Friskusveksling

HaustMoro - Paintball og ope hus på Fjordstova, 7.-10.trinn

Friskusveksling

Friskusveksling

Senior treff for heimebuande

Sok etter aktivitetar mens jeg navigerer på kartet



# Kjenner du deg trygg heime?

## Treng du nokon å snakke med?

Luster legekontor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern (dagtid):	97 50 60 95
Barnevernvakta (kveld/natt/helg):	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket (Førde):	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

## Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan pålegge overgripars besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til krisesenteret. Du kan melde valden.

På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp – trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

Er du blitt seksuelt misbrukt eller voldtatt? Ring overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**. Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.

## Nasjonale hjelpelefonar

Mental Helses hjelpelefon:	116 123
Alarmtelefon for barn og unge:	116 111
Kors på halsen (for barn og unge):	800 333 21
Vold- og overgrepsslinjen (VO):	116 006
Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap:	815 55 201
Hjelpelefon for seksuelt misbrukte:	800 57 000
Alternativ til vold (ATV):	55 60 31 99
Vern for eldre:	800 30 196

Er du vitne til vald; som nabo, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

**Meir informasjon finn du på:**  
<https://DinUtwei.no>

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



## SJEKKLISTE:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konfliktar?
- Disponerer du eigne pengar?

**Det er aldri din feil! Det er aldri for seint! Det er alltid hjelp å få!**



Luster omsorgsenter takkar hjerteleg for pengegåva i samband med Ole Martin Saur sin bortgang.

Liv Hunshamar, leiar

Hjarteleg takk for minnegåve me fekk til Gaupne omsorgssenter, i høve Gunnhild Flati si gravferd.

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk til Gaupne omsorgssenter, Kortidsavdelingen, i høve Bjarne Oddvar Sperle si gravferd.

Helsing Gaupne omsorgssenter  
Tone Kjærvi Kveane, leiar



# Livsmeistring – robuste barn og unge

**Livsmeistring- robuste barn og unge er eit femårig prosjekt samarbeid for Luster- og Sogndal kommune finansiert av helsedirektoratet. Målet er gjere barn og unge godt rusta til å takle medgang og motgang i livet.**

Me vil gje barn og unge like mogleigheter til å utvikle ei positiv psykisk helse gjennom

m.a. å systematisere god praksis i barnehagane og i skulane. Dette kan bidra til å

gje dei kompetanse til å meistre utfordringar knytt til identitet, sjølvbilete og samhandling med andre, samt sette fokus på viktigheita av eiga psykisk helse.

Dei aller fleste som veks opp i kommunen er fornøgd med livet og trivst på skulen,



Prosjektgruppa har representantar frå begge kommunane:  
*Linda Midtun (Luster - barnehage), Eva Cathrine Loen (Luster - skule), Berit Skjerdal (Luster helsestasjon), Roar Erlandsen (Sogndal - barnehage), Siv Anette Slinde Thorsnes (Sogndal-skule), Helge Resaland (Sogndal - skule), Elin Kvam (Sogndal helsestasjon), Trude Os (Sogndal - kommunepsykolog), Stein Helge Selland (Luster - politikontakt), Torgeir Bøyum (Sogndal - foreldrerepresentant) og Tone Thomassen (Luster - foreldrerepresentant).*



Ordsky: Innspel frå føresette om kva dei meiner eit robust barn er.

men undersøkingar viser at det er ei auke av psykiske helseplager. Dette gjeld særskilt jenter som er stressa og har bekymringar i kvardagen, denne utviklinga ynskjer me å gjere nokon med.

**Seksualitet, kjønn og identitet**  
 Ungdom, føresette og tilsette i barnehage, skule og helhestasjon har gitt innspel til kvar me bør sette fokuset vårt framover. Ungdom har eit tydeleg ynskje: meir informasjon om psykisk helse i skulen og betre seksualundervisning. For nokon er seksualundervisninga på skulen den einaste kjelda til kunnskap om kropp, grensesetting og prevensjon. Viss den kunnskapen ikkje vert gitt gjennom skulen, vil unge finne kjelder til kunnskap

som ikkje samsvarar med den verkelege verda og som ikkje er like kvalitetssikker som i skulen. F.o.m hausten 2022 vil me prøve ut tiltak i nokre barnehagar og skular i kommunen.

**Ressursgruppe med ungdom**  
 Ungdommar frå Luster- og Sogndal kommune er med i ei ressursgruppe for prosjektet.

Dei gir oss tilbake-meldingar om korleis det er å vekse opp i dag og kva område me bør bli betre på for å gjere barn og unge godt rusta til opp- og nedturar i livet.


Scann QR-kode for å lese meir.



Oda Bertine Bondevik Lie  
er ein av ungdommane i  
ressursgruppa.



*QR-kode –  
SABU-treet.*



# **Er du uroleg for eit barn eller treng du nokon å snakke med?**

Kven kan hjelpe meg? Kva finst av hjelp? Kva gjer eg om eg vert bekymra for ein elev på skulen min? Kva gjer eg om eg ser at nabojenta har det vanskeleg? Dette er spørsmål som du finn svar på i SABU-treet som ligg på heimesida til kommunen. Verktøyet er eit oppslagsverk for innbyggjarane i Luster samt tilsette som arbeider med barn og unge.

Det handlar om å sjå, bry seg, vere rause mot kvarandre og våge å spørje naboguten eller jenta korleis han/ho har det. Men då må me tole å høre svaret. Kanskje er det nettopp deg, spørsmålet eller smilet ditt som skal til for å gjere dagen betre. Det skal ikkje så mykje til.

## **Kva finn du i SABU-treet?**

I Luster kommune er det mange som kan og vil hjelpe, og det finst gode tenester for barn og unge.

I Sabu-treet er alt samla på ein plass. Innholdet er delt inn i område tilrettelagt for dei ulike målgruppene:

- For deg som er under 18 år.
- For deg som er føresett.
- For deg som er ven/trenar/nabo/fritidsleiar eller er frivillig.
- For deg som arbeider med barn og unge.
- Barn som pårørande.

## **Barneansvarleg i kommunen**

Mange barn og unge opplever å vere pårørande i løpet av sin oppvekst. Når noko skjer med foreldre eller sysken vert barna sin kvardag påverka. Det er mange årsaker til at barn er pårørande eller at kvardagen vert vanskeleg. Me oppmodar alle som er uroleg for eit barn eller ungdom som er pårørande til å ta kontakt med kommunen sin barneansvarleg:

### **Barneansvarleg ved helgestasjon:**

Telefon: 57 68 56 05

E-post: [barneansvarleg@luster.kommune.no](mailto:barneansvarleg@luster.kommune.no)





*Ansvarleg for hjelphemiddel i Luster Bjørn Ove Nytun Leirdal saman med driftsansvarleg Paul Fransen framfor porten til det nye hjelphemiddellageret.*

# Nytt hovudlager for hjelphemiddel

Det vert no teke i bruk nytt hovudlager for hjelphemiddel. I den gamle brannstasjonen ved Parken er det sett i stand ca. 90 m<sup>2</sup> med areal veleigna til både lager, reinhald og små reparasjonar. I resten av denne bygningen har ATS lokale for snikkarverksemda si.

Tilgang på rett hjelphemiddel når ein treng det er eit viktig arbeidsområde for den kommunale helse- og omsorgstenesta. Gjennom sommar og tidleg haust har det blitt arbeidd med opprusting av delar av den gamle brannstasjonen, og lokala er no blitt skikkeleg fine og godt eignelege til hovudlager for hjelphemiddel.

Arealet er delt i to, der størstedelen vert brukt som lager. I den resterande delen er det lagt til rette for reinhald og mindre reparasjonar. Lokaliseringa er god, med sentral plassering og tilgang rett frå bakkeplan. Her vil både transportørar frå Hjelphemiddelsentralen i Førde og lokale ha god tilkomst.

Ansvarleg for hjelphemiddel i Luster, Bjørn Ove Nytun Leirdal ser no fram til å ta dei nye lokala i bruk. Sjølve drifta av lageret skal gjerast i samarbeid med ATS, med Paul Fransen som driftsansvarleg på lageret. Til å hjelpa seg med dei praktiske oppgåvene som reinhald, transport mm. har Paul

fleire av medarbeidarane ved ATS til disposisjon.

Lagerhaldet er også tenkt gjort enklare og betre ved bruk av eit eige data-system som inkluderer merking/koding av kvart einskild hjelphemiddel. På denne måten vil ein forenkla og effektivisera både rutinar og lagerhold. I tillegg til hovudlageret har kvart omsorgssenter sitt eige einingslager med eigen lageransvarleg. Det «skybaserte» systemet skal også omfatta desse einingslagera.

Me kjem attende med meir informasjon om heilskapen på hjelphemiddelområdet i Luster i eit seinare nummer av Lustranytt.

# Samfunnsdelen av kommuneplan fullført

Hovuddelen av medverknadsarbeidet til samfunnsdelen til kommuneplanen er fullført, planframlegget er skrive, og når denne artikkelen kjem på trykk i Lustranytt er kommuneplanen sin samfunnsdel forhåpentlegvis sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Medverknadsprosessen blei prega av koronasituasjonen. Likevel har mange delteke med sine meningar i planarbeidet, både gjennom skriftlege innspel og ved deltaking på dialogmøte. Det er lagt mykje arbeid i å løfte innspela fram for politikarane og tilpassa planen etter kva som kom fram gjennom medverknadsprosessen, men det vil alltid vere utfordrande å syne kva den enkelte sine innspel har å seie i forhold til prioriteringane som er gjort. Det er laga ein medverknadsrapport som er lagt ved samfunnsdelen, og denne skal kunne nyttast i vidare planarbeid.

Hovudinntrykket frå medverknadsarbeidet vitnar om at kommuneadministrasjon, politikarar, organisasjonsliv, næringsliv og privatpersonar er ganske samstemte i Luster, og at folk generelt trivst godt.

Frå digitalt innspelsskjema:

Trivst med å bu i Luster kommune:



## Kva som bidreg til at eg trivst

- Gode barnehagar, levande lokalmiljø, inntrykk av at folk bryr seg om å halde liv i bygdene. Godt engasjement blant vanlege folk.
- Min heimkommune, som eg er oppvokst i, som har alt som betyr noko for meg; som naturen, fjord og fjell å bruka - sommar og vinter.
- Godt servicestilbod, koselege bygder, variert aktivitetstilbod, fantastisk natur.

## Kva som bidreg til at eg ikkje trivst

- Lite tryggleik langs vegen.
- Dårleg tilgang til fjorden frå Gaupne.
- Burde vore mykje meir samhandling mellom bygdene, både i skule og fritid. Alle bygdene har noko å tilby som dei andre ikkje har.

Det er mange forskjellige meningar om kva som er viktig for å skape gode, berekraftige og attraktive lokalsamfunn vidare framover.

- Ein skikkeleg badepunkt, liknandes sjøkanten i Sogndal.
- Meir variasjon i idrettstilbodet og fritidstilbod generelt. Mindre fotball og meir av andre ting.
- Mykje sterkare fokus på samhald og felles aktivitetar og langt mindre fokus på konkurranse og det perfekte.
- Involvere befolkninga i planarbeid og investere i tiltak som kan vere attraktive for dei fastbuande.
- Ta vare på dyrka matjord. Betre kollektivtilbod. Sikre fri ferdsel rundt Hafslvatnet.
- Lat da vera sleek so da e!

Medan den digitale innspelsløysninga gav dei fleste moglegheita til å delta, så gav dialogmøta djupare innsikt i viktige tema. Dialogmøte med vaksenopplæringa sette fokus på korleis eit betre busstilbod er svært viktig for elevane, og kva type møteplassar dei saknar i Luster. Ungdommen sitt kommunestyre tok opp at det er viktig med grundigare opplæring om psykisk helse og livsmeistring i skulen. Idrettsrådet hadde fokus på korleis presset på frivillige har auka, og at kommunen bør gjere meir for å hjelpe frivilligheita med å nytte sitt potensiale for å skape gode lokalsamfunn. Eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting tok opp generasjonsmøteplassar og viktigheita av å forstå at universell utforming er noko som er bra for alle. Barna på Solvorn oppvekstsenter ynskjer mellom anna zippline, Aqua Track, trampolinepark og meir koncentrerte bueiningar som krev mindre naturinngrep.

ATS drøfta kommuneplanen i fleire omgangar og kom med forslag innan alle satsingsområda. Dei hadde særleg fokus på viktigheita av å

motarbeide sosiale skilnader, spesielt når det gjeld aktivitetstilboda i kommunen. Møte med bygde- og grendelaga fekk fram kva som er viktig for dei ulike lokalsamfunna, og korleis dei ulike laga og kommunen kan samordnast betre. Skjolden, Luster, Gaupne og Hafslo følgde opp med skriftlege innspel i etterkant. Dialogmøtet med næringslivet fekk fram at det er utfordingar med rekruttering av kompetanse, og at me må bli flinkare til å profilere Luster og alle moglegheitene som finns her. Representantar frå landbruksorganisasjonane hadde stort fokus på at me må ta betre omsyn til dyrka mark og forstå kulturlandskapet sin verdi for reiselivet og for bygdene sin attraktivitet.

Ein så kort gjennomgang av innspela vil naturleg nok medføre at mange viktige poeng er utelatt. Medverknadsrapporten har som formål å ta med alt som kom inn, og svare for korleis innspela eventuelt skal følgast opp. Denne kan ein finne saman med planen om ein er interessert.

Samfunnsdelen skal ligge ute til høyring i minst 6 veker. Deretter vil innspela handsamast, og planen skal til slutt vedtakast av kommunestyret. Når samfunnsdelen er vedteken vil måla ligge til grunn for økonomiplanen og alle dei andre planane i kommunen. Føringane i samfunnsdelen vil også vere utgangspunktet for arealdelen til kommuneplanen. Denne skal startast opp i første halvdel av 2022 og skal vedtakast tidleg i neste kommunestyreperiode.

#### **Plan for friluftslivets ferdelsårer**

Luster kommune har starta utarbeidninga av ein plan for friluftslivets ferdelsårer med støtte frå Vestland fylkeskommune. Planen skal gje ei oversikt over viktige ferdelsårer og turmål i kommunen, og den skal setje mål for korleis ferdelsårene skal forvaltast og utviklast.

Hovuddelen av kartleggingsarbeidet vert å samle tilgjengeleg informasjon om ferdelsårene og velje ut kva som er hensiktsmessig å ha med i planen. Me ynskjer å få med eit utval av turar i ulik vansklegheitsgrad, med fokus på dei i gå eller sykkelavstand frå nærmeste tettstad. I tillegg vil me ta med eit knippe ski og padleruter, nokon turområde med potensiale for universell utforming, og eventuelt eit par turar med spesielt potensiale for natur- eller kulturopplevingar.

Om du har innspel til arbeidet kan du sende ein epost til [postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no)



## **Renovering Gamlebrui i Gaupne/ Røneid bru**

Brua vert fullstendig renovert no i haust. Det vert skifta ut berande stålkonstruksjonar, heile brua vert sandblåst og målt. Brudekket av tre er fjerna, og det vert nytt dekke i tre. Dei gamle rekverka er noko låge, så dei vert laga høgare for å vere innanfor krava.



# Luster BesøksVen

**Tiltak for deg som er 16 år og oppover.  
Me gjer det enkelt og trygt å kome i kontakt med ein som  
passar for deg. Det er opp til deg når og kvar.**

A: Har du lyst til å vere  
BesøksVen/TurVen?

B: Har du lyst å ha ein  
BesøksVen/TurVen?

Tiltaket skal på ein trygg måte  
legge til rette for meir aktivitet  
og sosial deltaking.

Aktivitetar de kan gjere saman:  
Få besøk – reise på besøk,  
radiobingo, biltur, kafébesøk,  
gå på tur, sjå film ilag, lage mat  
ilag, spele kort/bridge, datahjelp  
(nettbank, FaceTime mm), osb.

**Påmelding til Luster  
kommune Servicetorget –  
tlf 57 68 55 00 eller e-post:  
[post@luster.kommune.no](mailto:post@luster.kommune.no)**

Vi treng:

- Namn og telefonnummer
- Velg alternativ A eller B
- Me gler oss til å høyra frå deg!

Har du spørsmål, ta kontakt  
med Kari Paulsen,  
tlf 57 68 57 02 e-post:  
[kari.paulsen@luster.kommune.no](mailto:kari.paulsen@luster.kommune.no)

Tiltaket er eit samarbeid  
mellan Luster kommune,  
Luster Revmatikarforening,  
Luster Røde Kors og Nasjonal-  
foreningen for folkehelsen  
Gaupne helselag.



«føle på glede ved å hjelpe andre»  
«det du gjer skapar ein forskjell»



Du er ikkje eldre enn du føler  
deg, seier me gjerne. Det er  
mykje sanning i dei orda!  
Alder er altså på mange måtar  
berre eit tal, og egnar seg ikkje  
som mål på våre ressursar eller  
helsa vår.

## Det gode liv som pensjonist

I Luster ønskjer me at livet  
ditt som senior skal vera eit godt  
og trygt liv. Du skal vita at du,  
helsa di og livskvaliteten din  
er viktig for oss! Me ønskjer å  
bidra til at du får informasjon  
om ulike tilbod, generell  
informasjon om viktigheita av  
aktivitetar og kor du finn dei  
ulike tilboda.

Kanskje har du lyst å bidra  
sjølv i aktivitetar? Me håpar du

oppdagar tilbod som kan passe  
for deg, og at du vert inspirert  
og motivert til å bli med!

Du har mykje å bidra med.  
Moglegheitene er mange når det  
gjeld aktivitet, sosialt fellesskap  
og meiningsfulle aktivitetar i  
bygda vår.

Du kan sjølv gjera mykje  
for at alderdommen din skal bli  
så god som mogleg! Kommunen  
er der om du treng det!

# GoBiten

GoBiten er ein ny møteplass for alle! Her ønskjer me å samle barn, ungdom, vaksne og eldre til kjekke kveldar med aktivitet og underhaldning. Kvar gong er det eit tema og sal av mat. Planlagde tema er brettspel og VR-briller, samt juleverkstad. I haust starta me opp på Gaupnetunet og Fjordstova, medan oppstart på Hafslo er under planlegging.

I arbeidet med kommuneplan har sosiale møteplassar i kommunen blitt etterlyst, og med dette tiltaket som me kallar «GoBiten» er me i gang med å prøve ut møteplassar i fyrste omgang i tre bygder. Det er mange

fordelar med ein møteplass kor alle kan møtast uavhengig av alder! Her kan dei unge lære av dei vaksne, og dei vaksne lære av dei unge. Dette kan bidra til betre trivsel og meir glede hos alle! Kanskje det er ein trygg vaksen ungdommen ønskjer å prate med – eller kanskje den vaksne ønskjer å bli oppdatert på kva som skjer i ungdomsverden? GoBiten er plassen!

Ønskjer du å bidra eller har forslag til tema ein kveld? Ta kontakt med prosjekteiar Ingrid Mork Nygård på tlf. 94156230 eller e-post:

*ingrid.mork.nygard  
@luster.kommune.no*



**Velkommen**  
til ein triveleg  
møteplass i  
Gaupne!

**«Svadlekroken» er ein sosial møteplass for alle i Luster kommune.**

Her kan du komme og få deg ein kaffikopp og slå av ein prat. Ta gjerne ein stopp før eller etter trening.

Svadlekroken held til i kantina på Friskhuset (1 etg), tysdagar 15.00–18.00

**Velkommen til oss!**



# Velferds-teknologi og e-helse

Helse og omsorgstenesta i Noreg står ovanfor store utfordringar i åra framover. Demografiske endringar gjer at belastninga på omsorgstenesta vil auke. Den mykje omtala «eldrebølgja» vil òg treffe Luster, sjølv om bølgja kjem litt seinare så langt inn i fjorden enn mange andre stadar. Men frå 2025 ser me ei auke i tal eldre fram mot 2040. Utfordringa er ikkje at det vert fleire eldre, det er flott, men at balansen til tal arbeidsføre vert endra. Samtidig ser ein og ein auke blant yngre brukarar. For at omsorgstenesta skal vera berekraftig i framtida må ein endra måten ein jobbar på. Bruk av velferdsteknologi er ei av endringane som vert vist til nasjonalt. I Stortingsmelding 29, Morgendagens omsorg, omtalar ein velferdsteknologi som ein ressurs som endå ikkje vert utnytta i omsorgstenesta.

Implementering av velferdsteknologi handlar 20% om teknologi og 80% om organisering. For å dra nytte av teknologien må ein endra måten å jobbe på. Innføring av velferdsteknologi kan slik virka som ein drivar for å skapa innovasjon i helse og omsorgstenesta.

**«Velferdsteknologi er teknologi som kan andvendes i helse- og omsorgstjenesten for å sikre menneskers velferd»**

**Bjørn Hofman, 2019**

Velferdsteknologi skal ikkje erstatte, men supplere tenesta. I Stortingsmelding 15, Leve heile livet, peikar ein på at bruk av velferdsteknologi i større grad gjev brukaren moglegheit til å oppretthalde sjølvstendigkeit, meistring og auka livskvalitet. Det er viktig å sjå på velferdsteknologi som ein del av ei heilskapleg teneste. Der sjølvve teknologien vert brukt i samspel med anna ordinær omsorgsteneste, kvardags- meistring og rehabilitering. I den andre gevinstrealiseringssrapporten, utgjeve av helsedirektoratet, kjem det fram at velferdsteknologi gjev store fordelar når den vert nytta på rett måte. Fordelane som vert trekt fram er auka kvalitet på tenesta, innspart tid og sparde kostnader. For å nå desse vinstane må ein tilpasse velferdsteknologien til kvar enkelt brukar. Teknologien er til for brukaren, ikkje motsett. Det er i denne



samanheng viktig å presisera at velferdsteknologi ikkje er for alle. Kven som kan ha nytte av velferdsteknologi må individuelt vurderast og evaluerast i kvart tilfelle.

## Kva er innført i Luster?

Her i Luster har me jobba aktivt med å innføra velferdsteknologi i fleire år. Frå 2017 har me vore med i det nasjonale programmet for innføring av velferdsteknologi. Me har blant anna teke i bruk nytt pasientvarslingsanlegg på Hafslø, digitale tryggleiksalarmer og me har innført andre e-helse løysingar i tidleg fase. I samanlikning med kommunane rundt oss ligg me godt framme på dette området, men det tyder ikkje på at me er i mål. Implementering av velferdsteknologi er eit utviklingsprosjekt. Utviklinga på teknologi, lovverk og moglegheiter går fort. Spesielt såg ein dette under pandemien, der mange nye løysingar vart tilgjengelege og innført. Luster kommune er aktive i denne prosessen. Gjennom e-helse Vestland, eit samarbeidsprosjekt for 34 kommunar i Vestland fylke, er me med i fleire pilotprosjekt. Desse prosjekta omhandlar blant anna digital heimeoppfølging og velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne. Dette for at me ynskjer at innbyggjarane i Luster skal få dra nytte av alle dei moglegheitene og fordelane bruk av velferdsteknologi kan gi snarast råd.

## Korleis vert velferdsteknologi tildelt i Luster?

Velferdsteknologi vert tildelt som del av omsorgstenesta. Kriteriet for å ta i bruk velferdsteknologi er at bruken vil heve kvaliteten på tenesta for brukaren. Det er tenestekontoret som saman med brukar vurderer å nytte teknologi i kvart enkelt tilfelle. Det vil sei at brukaren / pårørande ikkje kan søke spesielt om velferdsteknologisk teneste, men på omsorgstenesta. Bortsett frå tryggleiksalarm som ein kan få som serviceteneste, praktisk bistand.



*Johanne  
Eide Juvik.*



*QR-kode  
SnapChat.*



*QR-kode  
Instagram.*

# Helsestasjon for ungdom

På helsestasjonen i Gaupne har me eit gratis tilbod til elevar på ungdomsskulen og vidaregåande – Helsestasjon for ungdom. Me føl skuleruta, og har ope kvar torsdag frå kl. 14.30 til kl. 17.00.

I dag har kommunen tilbod om tryggleiksalarm, lokaliserings-teknologi, medisineringsstøtte, digitalt tilsyn. Samt noko teknologi til medisinsk overvaking, til dømes epilepsi. Innan kort tid vil kommunen og ha tilbod om blant anna kameratilsyn, videokonsultasjon med spesialist-helsetenesta, elektronisk dørås og fleire teknologiar til medisinsk overvaking.

Luster kommune jobbar aktivt med å kunne tilby alle fordelane velferdsteknologi kan gi innbyggjarane våre. Me har vore med i utviklingsprosjekt og kjem til å delta vidare i åra framover. Det er vanskeleg å førespeglia kva moglegheiter velferdsteknologi vil kunne gje omsorgstenesta i framtida. Men uansett kva den bringer skal Luster kommune sjá etter at me tek del i utviklinga.

Kjell Olav Bondevik  
Fagutviklar Luster kommune  
Prosjektkoordinator e-helse Vestland  
[kob@luster.kommune.no](mailto:kob@luster.kommune.no)  
92872797

Her kan du komme utan å bestille time, men dersom det ikkje passar på torsdagar mellom kl. 14.30 og 17.00 kan du kontakta oss for anna tidspunkt – tlf: 57685605.

Hjå meg kan me snakke om alt, alt du måtte ynskje. Venskap, familielasjonar, kjærestar, aktivitet, kosthald, spiseforstyrrelsar, helse, seksualitet, prevensjon, graviditet, psykisk helse, konfliktar, press, bekymringar, usikkerheit, glede, sorger, rus, avhengigheit, mobbing, utdanning/skule og nettvett, for å nemne nokre tema.

## **Me er på sosiale medium! Snapchat og Instagram - HFULuster**

Sidan me brukar sosiale media har me nokre reglar me må forhalde oss til

- Ikkje del sensitiv informasjon.
- Ikkje direkte spørsmål om helsesituasjon din (f.eks har du eit utslett du er usikker på krev behandling vil me heller at du kjem innom Helsestasjon For Ungdom når den er open enn å sende bilde av det på snap).


**Barnehagehelsesjukepleiar**  
Helsestasjon i Luster har fått tildelt prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til blant anna prosjektet barnehagehelsesjukepleiar.

Stillingsprosenten for dette prosjektet er 20% fordelt på dei tre største barnehagane i Luster kommune. Gaupne Barnehage, Gamlestova barnehage og Hafslø barnehage.

I skulen har helsesjukepleiar over lang tid hatt ei rolle, noko som har lagt eit grunnlag for tverrfagleg samarbeid. I tråd med dei nasjonalfaglege retningslinjene for helsestasjon- og skule-helsetenesta, er dette noko me også ynskjer å vidareutvikle i barnehagane.

Barnehagehelsesjukepleiar og tilsette i barnehage har fokus på førebygging og tidleg innsats. Gjennom eit lågterskelt tilbod til foreldre og born ynskjer me at helsesjukepleiaren skal vere tilgjengeleg i barnehagane, samt vere ein ressurs for dei tilsette i barnehagen.

Johanne Eide Juvik er sjukepleiar tilsett i prosjektstillinga som helsesjukepleiar. Barnehagehelsesjukepleiar vil vere tilgjengeleg for drop-in, samstundes som foreldre og føresette kan avtale samtal med barnehagehelsesjukepleiar den dagen ho er tilstades i barnehagen. Aktuelle samtaleemne kan vere spørsmål kring søvn, åferd, høyrsel, syn, språkutvikling, kosthald, sjukdom og liknande.



# Koronapandemien

I november 2019 blei eit menneske for fyrste gong smitta med eit virus frå dyr (flaggermus) på ein dyremarknad i Wuhan. Det blei starten på fyrst ein alvorleg lokal epidemi i Wuhan og sidan ein pandemi som spreidde seg til heile verda. Viruset, eit hittil ukjend koronavirus, har sidan fått namnet SARS-CoV-2 og sjukdommen covid-19.

I Luster fekk vi dei fyrste smitta i mars 2020. Viruset smittar ved 1) innanding av små dropar med virus 2) avsetjing av store og mellomstore dropar på slimhinner- for eksempel ved hosting og nysing og 3) kontaktsmitte som ved berøring av slimhinne i nase-munn-auger etter berøring av overflater som er ureina av virus. Sjuke personar skil ut virus via dropar frå munn og nase.

Den beste strategien for å førebyggje smitte er derfor; sjuke held seg heime, praktisere god hoste og nysehygiene og ein skal halde hendene reine.

Pandemien kom brått på verda og ingen land var førebudde. Det var mangel på smittevernustyr og det blei frykta at helsetenesta i kommunane og på sjukehusa ville bli sterkt overbelasta. Korleis gjekk det? Noreg er på vinnarlaget. Det ble sett inn store ressursar frå samfunnet. Landet blei

stengd ned for å hindre smitte. Dette fungerte og ein lærde fort å justere tiltaka for å redusere både tiltaksbyrde og sjukdomsbyrde.

Godt politisk leiarskap, kompetente statlege fagorgan og godt organiserte kommunar som hadde det lokale ansvaret gjorde at vi kom så godt ut. Det viktigaste slaget stod i kommunane og det kravde ein formidabel innsats frå dei tilsette og alle friviljuge som no i over 1,5 år har strekt seg svært langt. Noreg hadde i 2020 for fyrste gong redusert total-dødeleggjelheit, i alle andre land auka denne.

Pandemien ga digitaliseringa eit stort løft framover. Heimekontor blei vanleg og helsetenesta e-konsultasjonar/video.

Covid-19 vil bli ein vanleg virussjukdom, anten må ein ha vaksinering eller så vil ein bli smitta. Det er mykje større risiko for komplikasjonar av sjukdommen enn vaksinane. Høg tillit til landets myndigheter er viktig for vaksinasjonsgraden, det har vi i Noreg. Vaksinasjonsmotstandarar har fått lite feste i vårt land, det har vi spart mange liv på.

Alle som er vaksinerte kan få eit Koronapass som er viktig om ein skal krysse landegrensene.

Vi fekk på plass eigen oppvarma testbrakke på utsida av legekontoret. Vi kunne dermed levere trygge testforhold til innbyggjarane. Vi fekk starte med vaksinasjonar 6. januar i år, i starten få dosar, men gradvis blei vaksinetilgangen betre og vi kunne starte med massevaksinasjon i Idrettshallen. For kvar dose skal det journalførast og det skal meldast til nasjonalt vaksineregister. Luster har pr. 15.10.2021 satt 7.932 dosar. Av desse er det 200 dosar AstraZeneca til helsepersonell, Moderna 800 dosar og resten Pfizer. Vi gjev tilbod om vaksine til alle som har fylt 12 år. Dei over 16 år får tilbod om 2 dosar, dei med nedsett immunforsvar får tilbod om 3. dose. Det er no bestemt at dei som er 65 år og eldre skal få tilbod om oppfriskingsdose 6 månader etter 2. dose. Om resten av befolkninga skal få dette er ikkje avklara. Så langt har vaksinasjonen i Luster gått ukomplisert.

Tett og godt samarbeid mellom ulike aktørar i kommunen og god etterleving frå innbyggjarane har gjort at Luster kommune har klart seg godt i pandemien. Men tiltaksbyrden har vore stor og det har gjeve mykje isolasjon for enkelt mennesket. Mange har fått utrygge jobbar pga. nedbemannning eller permittingar. Vi har prøvd å skåne barn og unge så langt vi har kunna. Det er likevel slik at helsejukepleiarane er ekspertar på smittevern og vaksinering, så helsestasjonen har merka eit ekstra stort press. Vi ligg no ajour med barnevaksinasjonsprogrammet.

Kommunen fekk i oktober tilsendt testutstyr for heimetesting av korona. Dei som er luftvegssjuke eller nærbondar kan få utlevert testar med god bruksrettleiing – bomullspinne berre 2 cm inn i nasen.

Kommunikasjon til innbyggjarane har vore prioritert. Vi har nytta Luster kommune si heimeside og Facebook, lokalpressa og nesten vekentlege oppdateringar på Radio Luster. Vi etablerte raskt ein Koronatelefon kor alle kan ringe om det er spørsmål, hjelp til å bestille vaksinasjonstime, time på teststasjon osv.

#### **Fakta pr. 15.10.2021:**

Noreg: 195.384 tilfelle, 5341 innlagde sjukehus, 1016 på intensiv- 884 døde.

Verden: meir enn 240 millionar tilfelle, nesten 5 millionar døde. I USA meir enn 700.000 døde, Storbritannia 139.000 døde. (Skulle vi hatt like mange døde som Storbritannia ville vi hatt over 10.000 døde).

Luster: 49 tilfelle, 1 død. Vi har teke 3782 koronatestar (PCR).

Vaksinering; av aldersgruppa 18 år og eldre har meir enn 95% teke 1. dose og 88,8% har teke 2. dose.

Pandemien herjar fortsatt i store delar av verden. Sentrale helsemyndigheter har signalisert at det er mogleg med ei ny smittebølgje til vinteren. I mellomtida bør vi alle leve så normalt som mogleg, ta i mot dei vaksinedosane ein får tilbod om, **MEN HUGS** dei sentrale smittevernreglane som gjeld for alle luftvegssjukdommar:

- **Hald deg heime når du er sjuk.**
- **Vurder om du skal testast.**
- **Praktiser god hoste og nysehygiene.**
- **Hald hendene reine.**

Knut Cotta Schønberg  
Kommuneoverlege





# Kommunedelplan for trafikktrygging

Det kom svært mange innspel til planarbeidet. Alle innspela er vurdert og vert lagt fram med tilråding for politikarane. Planen er todelt, ein hovudplan og ein handlingsdel. I samband med at Luster kommune skal bli ein «trafikksikker kommune» vert det i år ei prioriteringsliste i handlingsdelen. Handlingsdelen kan reviderast årleg, medan hovudplanen skal reviderast kvart fjerde år. Mange av innspela og tiltaka som Luster kommune sjølv ynskjer, krev utarbeiding av reguleringsplan før dei kan realiserast. Planen vert utarbeida i det nye programmet Framsikt og vert lagt ut offentleg etter 1. gongs handsaming av planen no på seinhausten.

## Kommunedelplan for naturmangfold

Planarbeidet er i gong og planprogram er vedteke. Det har ikkje kome så mange innspel til denne planen som for fyrste gong skal utarbeidast for Luster kommune. Me trur det vil komma fleire

innspel og merknader undervegs i planprosessen. Me håpar å få til nokre offentlege møte i løpet av vinteren før planen skal opp til 1. gongs handsaming på nyåret.

### Status reguleringsplanarbeid:

#### **Reguleringsplan for Bruflat-Grandmo**

Planen er endeleg vedteken og klagefristen er ute.

#### **Reguleringsplan for Gjerde**

Planen er vedteken i kommunestyret og ligg i skrivande stund ute med klagefrist 28. november 2021.

#### **Reguleringsplan for parkeringsplass ved**

#### **Tungestolen**

Plan-ID 2020008. Me håpar å ha eit planframlegg som kan leggjast fram for 1. gongs handsaming hausten 2021.

## **Områderegulering Hafslø**

Plan-ID 2020004. Planarbeidet har starta opp og det har komme inn svært mange innspel til planarbeidet. Målet er å få utarbeida eit utkast til plan vinteren 2021/22.

## **Detaljreguleringsplan Fonndøla – Hausamoen**

Plan-ID 2020011 . Statnett er i ferd med å skifte ut nettstasjonen sin ved Fonndøla. Dette er eit stort arbeid som har medført mykje masseflytting, deponering og tilrettelegging for at arbeidet skal kunne gjennomførast.

Området ved Fonndøla har mating av straum frå fleire sider, noko som gjev svært driftssikker straumtilgang. Bluefjords er allereie etablert i området som eit eksempel på bedrifter som har slikt straumbbehov, og Luster kommune er i kontakt med ytterlegare aktørar som ønskjer å etablere seg i området grunna denne driftsikkerheten på straum. I tillegg til Bluefjords, er det etablert eit større massetak i området, og det er ytterlegare potensiale for massar nord for Hausamoen som vert vurdert for ytterlegare uttak.

Når så store delar av arealet vert berørt og tilrettelagt gjennom Statnett sitt arbeid, så ser Luster kommune potensialet for at dette kan bli eit framtidig næringsområde knytt til Gaupne/ Jostedalen. Statnett skal i utgangspunktet tilbakestille og plante til att fleire av dei riggområda dei har etablert, men Luster kommune vurderer gjennom detaljreguleringsplan Fonndøla – Hausamoen dette som så godt opparbeidde areal, at dei er egna som framtidig næringsareal.

Firmaet Skred AS har vore inne og gjort vurderingar av både ras og flaumsituasjonen i planområdet, då ei farevurdering er heilt avgjerande for om området er egna til føremålet. Kommunen har i tillegg engasjert Norconsult for utarbeiding av forslag til reguleringsplan, og håpar at denne er ferdig og klar til handsaming tidleg på nyåret. For kommunen er det eit mål å ha planen godkjent til sumaren.

## **Reguleringsplan Bruflat bustadfelt med Øyagata**

Plan-ID 2020007. Det har komme mange innspel til planarbeidet, men det er ikkje utarbeida noko planframlegg enno.

## **Privat reguleringsplan for masseuttak Eide**

Plan-ID 2020002. Planen er vedteken i kommunestyret og ligg i skrivande stund ute med klagefrist 28. november 2021.

## **Privat reguleringsplan for Massedeponi Lie**

Plan-ID 2020005. Planen er vedteken i kommunestyret og ligg i skrivande stund ute med klagefrist 28. november 2021.

## **Privat reguleringsplan for Hafslotun**

Plan-id 2021001. Planen ligg i skrivande stund ute til offentleg ettersyn.

## **Reguleringsplan for Flatane bustadfelt**

Kommunestyret har vedteke å oppheve planen.



# Nasjonalparkkommunen Luster!

Luster har ein vesentleg del av dei tre store nasjonalparkane Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen innanfor kommunegrensene. For kvar av nasjonalparkane er det eit styre

som er samansett av politikarar for kvar av kommunane og fylkeskommunane som har areal i dei respektive nasjonalparkane. Frå Luster kommune er det ordførar og

varaordførar som sit i dei tre nasjonalparkstyra. I tillegg er det knytt eit lite sekretariat (nasjonalparkforvaltarar) og naturoppsyn til kvar av nasjonalparkane. På vestsida



*Representantar frå dei tre nasjonalparkstyra og sekretariata på felles utflukt i Bergsetdalen. Frå venstre: Vibeke Johnsen (Sogndal kommune, Jostedalsbreen np), Marthe Gjerde (nasjonalparkforvaltar Jostedalsbreen np), Stein Magne Grevrusten (nasjonalparkforvaltar Breheimen np), Liv Byrkjeland (SNO Breheimen), Marit Aakre Tennø (Luster kommune, Breheimen np), Hilmar Høl (Årdal kommune, Jotunheimen np), Jo Trygve Lyngved (Skjåk Allmenning, Breheimen np), Edel Kveen (Skjåk kommune, Breheimen np), Ivar Kvalen (Luster kommune, Jostedalsbreen og Jotunheimen np), Rigmor Solem (SNO Jotunheimen), Marit Sletten (Lom kommune, Jotunheimen np), Trude Brosvik (Vestland fylkeskommune, Jotunheimen np), Svein Håvar Korshavn (Innlandet fylkeskommune, Jotunheimen np), Kari Sveen (nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen np), Tor Arne Hauge (nasjonalparkforvaltar, Jostedalsbreen np), Per-Gunnar Sveen (Innlandet fylkeskommune, Breheimen np), Trygve Snøtun (nasjonalparkforvaltar, Breheimen np), Helge Stormoen (Vestland fylkeskommune, Jostedalsbreen np), Leif Solemsli (Vang kommune, Jotunheimen np), Einar Blikra (beitebrukar stibyggar), Rolv Enersvold (Lom kommune, Breheimen og Jotunheimen np), Øyvind Angard (SNO Breheimen), Harald Sve Bjørndal (Vågå kommune, Jotunheimen np) og Eldrid Nedrelo (nasjonalparkforvaltar Jotunheimen np).*

Foto: Anne Rudsgen (SNO Jostedalsbreen).

av fjellet sit fem av oss samla i ”statskroken” på Rådhuset.

16-17. september i år var alle dei tre nasjonalparkstyra invitert til felles samling, møte og synfaring i Jostedalen. Alle fekk eit interessant føredrag om kulturminnefunn som smeltar fram frå breane og god tid til å utveksle erfaringar mellom nasjonalparkane over ein tradisjonsrik middag på Jostedal hotell. Det vart også tid til besøk på Breheimssenteret og parkeringa ved Nigardsbreen

der Aina Stokkenes orienterte om arbeidet som Luster kommune har utført med skilting etter den nasjonale merkevaren for verneområde. Dagen etter var det felles tur fram i Bergsetdalen der vi såg på utbetringer av stien. I tillegg hadde styra møte og synfaringar kvar for seg. Breheimen nasjonalparkstyre var i Vigdalen og såg på tiltak som er utført kring Vigdalsstolen og Breidsete. Representantar frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

fekk høve til å oppleve kva ein av aktivitetsselskapa har å tilby. Det var ribb på Styggevatnet og brevandring på Austdalsbreen med Icetroll.

Fleire av politikarane var i Jostedalen for fyrste gong. Nokon var overraska over kor stor Luster kommune er, at det bur folk spreidd ”overalt” og at Jostedalen er så lang! Og sjølvsagt var det mange superlativ om den postkortvakre dalen inn mot Bergsetbreen.

*Ivar Kvalen markerer at utbetringsarbeidet stien innover Bergsetdalen er utført.  
Einar Blikra har stått for det meste av arbeidet og det er lagt mange meter med klopp over våte parti på stien. Foto: Kari Sveen.*



## Avlings-svikt

Mange har hatt avlingssvikt i år på grunn av tørke. Kommunen har motteke 48 søknader om erstatning for avlingssvikt, mest på eng. For å få erstatning må avlinga vere under 70 % av normavling, og avlingssvikten må skuldast klima.





Ole Johnny (t.v) og Olaf Sie på «Sagi» 2. mai 2020.  
Bandsaga er bak til venstre medan sirkelsaga er bak Olaf.

## Siesagi

*Underteikna, som arbeider med skogbruk i Luster kommune, kører forbi Sie sag fleire gonger i veka og har tidvis sett mykje tømmer på sagtomta. Det vitnar om jamn aktivitet. Det er grunneigarar med eigen skog på Hafslo og området rundt som leverar, og dei hentar tilbake trelast.*

*Eg tok sjølv med ein furustokk med mykje alved frå Fimreite på tilhengjar for å sage til eit par sokalla «boksar» til portstolpar. Eg vart nyfiken på historia til saga mellom anna fordi grunnleggjaren Olaf Sie dukka opp denne dagen.*

Olaf Sie (f.1926) starta med sag på Mollandsmarki i samband med bureisinga på

Sieøygarden i 1950. I 1953 sette han opp sagbenken på garden Oppheimshaug og skar material til stovehus og fjøs.

Sidan kjøpte Olaf tomt i Skogen på Hafslo og i 1958 bygde han opp sag der. Han pendla mellom garden og sagi. Han kjøpte skog på rot og dreiv fram med hest fram til 1970-talet, då traktoren kom. Frå saga har det vore ein del materialsal, produksjon av fruktkassar, fiskekassar, jernbanesviller og i ein periode var det pallesnikring. I tillegg har det vore mykje leigeskjering, og det har vorte skore material til både bustadshus og driftsbygningar i bygda.

I 1980 vart sagutstyret fornya med innkjøp av komplett stålbenk. Sidan vart det montert talje for å ta inn stokkane. Sagbygningen vart

øg fornyna på 1980-talet etter at det gamle brotna saman av tung snø i 1979. I mange år vart sagtennene filte med handfil. Etter at slipeapparatet kom vart dette mykje enklare og betre.

Kubbestolar, stabburssføter og kvednakallar vart øg produserte her på sagi ved hjelp av ei sjølvlagda fresemaskin. Drivkrafta på sagi har heile tida vore elektromotor.

Ole Johnny Sie overtok sagi i 2013, men har vore med sidan 1980-talet. Dei hadde ein liten tømmerbil på 1990-talet. Det vert no skore ein del til vedlikehald på garden i tillegg til leigeskjering.

Arne Kristian Borger,  
skogbruksjef i  
Luster kommune,  
skriftleg intervju med  
Ole Johnny Sie

# Endeleg i gong att..

Haustmarknaden 2019 var det siste offentlege arrangementet i Parken Gaupne på over 1,5 år. Det var stilt på arrangement fronten heile 2020.

Men sjølv om det ikkje har vore arrangement i Parken gjennom koronatida, så har området fortsatt vore flittig brukt. Me har sett ei aukande interesse for Frisbee golf i kommunen, og ein kan stort sett sjå folk som nyttar seg av banene dagleg. Dette er kjempe flott! Bana er open heile året rundt, og det vil bli teke vedlikehald på bana til neste år, slik at dei som vil kan ta turen å prøve.

Parken har også vore fin til utleige i koronatiden, då ein har mykje plass og muligheita til å opphalde seg ute. Dette har gjort at utleige gjennom sesongen har vorte nyttar ofte. Her har det vore både bryllaup, dåp, bursdagar og møte, og det er ein

ypparleg plass å leige dersom du har behov!

Ellers har styret i Parken nytta tida ved å gjere ein del etterlengta oppgraderingar på anlegget. I 2019 stod totalt renoveret toalettbygg med universell utforming og billettbu ferdig. I år har me fått renoveret kjøkken, vaskerom og backstage-området. Me er så heldige at me har med oss dyktige handverkarar i dugnadstroppen, og med mange timer nedlagt er me klare til å ta dei nye romma i bruk. Parken er styrt på 100% frivilligkeit, og me er takknemlege for alle som er med oss på dugnad! Bygga har stått sidan 1987, og lista for framtidige renoveringar er fortsatt ikkje tom.

Og endeleg kunne me holde arrangement att i Parken. Den tradisjonelle haustmarknaden vart halden 25. september 2021. Denne har vore etterlengta for

mange, og det var tydleg på alle som tok turen denne laurdagen. Her vart det solgt grønnsaker frå Lærdal, samt ein kunne finna utstillarar med både grønsaker og frukt, husflidsprodukt, kortreist mat, og mykje meir. Gaupne skule og ungdomskorps stod for underholdning, som ein kunne kose seg med saman med nysteikte lappar frå 4H. Det var utruleg kjekt at så mange tok turen innom marknaden, og mange av utstillarane gjekk tomme for produkt før dagen var omme. Det er godt å vere i gong att!

No er planlegginga for sesongen 2022 i gang, og me gler oss til å møte både publikum og frivillige vakter igjen! Me snakkast.

På vegne av Parkenstyret,  
Linn Christina Leirdal



# Lustramarknaden

## 2020 2021 2022

### Me er i gong att!

No har me hatt 2 år utan marknad, og det skal bli godt å møtast att.

I 2022 vert marknaden laurdag 11. juni. Me har fokus på underhaldning og utstillarar.

Bondelaga i kommunen hiv seg med og lagar kjempestand, me har underhaldning for store og små, og me satsar på besøk av mange ulike utstillarar, frå nær og fjernt. Styret jobbar allereie no med planlegging, og me gler oss!

Du kan lese meir og melde deg på som utstillar på [www.lustramarknaden.no](http://www.lustramarknaden.no)

**Me sjåast 11. juni!**

*Foto: Erling Kvalsøren.*



## Lokal **familiedag** i Luster

Laurdag 9. oktober arrangerte Luster Røde Kors og Luster Frivilligsentral lokal familieday. Dette er den fjerde familiedayen på rad som vert arrangert i deira regi. Nærare 50 personar med stort og smått deltok denne dagen. Arrangørane skulle ynskje det hadde kome fleire – ikkje minst norske familiarar då dette er eit arrangement med fokus på samspel, sosialt samvèr og integrering.

Familiedayen var innhaldsrik med ulike aktivitetar innandørs då vèrgudane ikkje spelte på lag med oss. Kulturelle innslag og ikkje minst god mat frå ulike land.

Sogn og Fjordane Røde Kors hadde tildelt økonomisk støtte til dette flotte arrangementet. Samarbeid på tvers er viktig for å gjennomføre slike større arrangement. Luster Røde Kors og Luster Frivilligsentral har gode erfaringar med dette frå tidlegare av.

# Brukbutikken i Gaupne

Brukbutikken har no vore på Pyramiden senter i over 1 år. Me er blitt ein viktig og populær leidgetakar på kjøpesenteret.

For oss er det viktig å understreke at me leiger lokale på lik linje med alle dei andre butikkane du finn på senteret.

Flyttinga av brukbutikken har blitt ein suksess! Svært mange handlar hjå oss og endå fleire leverer/donerer varer til oss.

Brukbutikken blir drifta av Luster Frivilligsentral i samarbeid med om lag 20 frivillige. Aldersspennet til dei frivillige er frå barneskule til opp i 70 åra. Ein flott gjeng som utfører ein svært viktig jobb for lokalsamfunnet vårt. Brukbutikken tek imot brukte gjenstandar, barneklede, sko til barn og vaksne, brunevarer og møblar. Levering av møblar må avtalast på førehand med dagleg leiar av Luster Frivilligsentral Anita Kjørlaug på tlf. 456 65 954.

All inntekt går til ulike arrangement, aktivitetar og tiltak i regi av Luster Frivilligsentral og gjerne andre samarbeidspartnarar. Med andre ord går inntekta ut igjen i aktivitetar i lokalsamfunnet Luster.

Brukbutikken har opningstider torsdag og fredag kl. 12-17 og laurdag kl. 12-15.



Kunne du tenkje deg å vere frivillig på vår brukbutikk?

Ta kontakt med dagleg leiar på Luster Frivilligsentral tlf. 456 65 954.





F.v bak: Leidulf Kvam  
frå Luster Lions, Liv  
Helen Nystuen frå  
Gaupne helselag,  
Ingrid Mork Nygård  
frå folkehelse og  
Grete Snekkevik  
Bondevik frå Luster  
kyrkjelege fellesråd.  
F.v. framme: Linda  
Goldmann frå Luster  
Røde Kors og Anita  
Kjørlaug frå Luster  
frivilligsentral.



# Juleglede 2021

Me er ei tverrfagleg samarbeidsgruppe i Luster kommune som jobbar med «juleglede».

Denne gruppa er samansett av representantar frå frivillige lag og organisasjonar. I år er me så heldige å ha fått med oss ein prosjektleiar frå Luster kommune til å koordinere arbeidet.

Me samarbeidar om å gje familiar med økonomiske utfordringar mogelegheita til å ta imot ei juleglede.

Det kan vere mange ulike grunnar til at menneske får økonomiske utfordringar. Livet gjev oss ingen garantiar og det kan skje noko som fører til at økonomien blir sett på prøve. Om ein har forsørjaransvar vert dette sjølv sagt ekstra vanskeleg.

Å ha dårleg økonomi er ofte forbunde med skam, og det kan vere vanskeleg å snakke om. Skilnadane mellom dei som har mykje og dei som har lite er store, og det kan vere vanskeleg å be om hjelp dersom ein ikkje får midlane til å strekke til.

«Juleglede» skal bidra til at familiar som har behov for det skal kunne få ei opplevingspakke for heile familien eller ei personleg julegåve til barna i alderen 0-18 år.

Ein kan fylle ut eit enkelt skjema der ein er heilt anonym. Meir informasjon om korleis

du skal gå fram dersom du ynskjer å sende inn skjema, finn du på Luster kommune sine heimesider.

Kwart år har me også eit gratis arrangement for alle barn, unge og vaksne i Luster, dette er for å bidra til at alle skal få like moglegheiter til å delta på eit kulturtildel i kommunen, uavhengig av familien sin økonomiske situasjon.

I år er dette tilbodet fortsatt litt usikkert grunna ringverknader av korona.


«Juleglede» ynskjer å gjere ein forskjell for dei familiene som opplever julehøgtida som vanskeleg. I 2020 fekk 81 barn i Luster ei juleglede frå oss.

Me har oppretta Vipps-konto til dette føremålet gjennom Luster Røde Kors, og i den samanheng vil me oppfordre både bedrifter og privatpersonar til å gje eit valfritt bidrag til dette føremålet.

**Vipps # 519965 – Juleglede (Luster Røde Kors)**  
eller

**Kontonr.: 3785.12.25871**

Ved spørsmål, ta gjerne direkte kontakt med oss på telefon 470 13 690 (Luster Røde Kors).



## Roseklubben

Roseklubben er ein klubb for personar med utviklingshemming og andre. Klubben blir driven av styret i NFU Luster lokallag i samarbeid med foreldre og dei utviklingshemma.

Roseklubben er i utgangspunktet den siste fredagen i



### Seniortreff 2022

Seniortreff for deg som bur heime er eit tilbod annakvar torsdag på **Aktivitetsstova ved Gaupne omsorgssenter**.

Torsdagane vil innehalde sosialt samvær, underhaldning og balansetrening, samt servering av eit varmt måltid.

#### Tidspunkt:

Torsdagar kl 10.00–14.00 på desse datoane:

- 6. januar
- 20. januar
- 3. februar
- 17. februar
- 3. mars
- 17. mars
- 31. mars
- 28. april
- 12. mai

Eigenandel kr 150,- pr. gong.

#### Transport:

Det blir organisert transport for dei som har behov.

#### Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13:00.

### Har du tid til overs?

Seniortreffet har behov for frivillige som kan hjelpe til på arrangementet (dekke bord, servere, vaske opp).

Seniortreffet har også behov for frivillige som kan påta seg køyreoppdrag ved henting/levering av påmelde til treffet.

# Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma

## – FTU Luster

Tilboden er eit samarbeid mellom Luster turlag, NFU Luster lokallag og Luster frivilligsentral.

FTU Luster starta opp onsdag 7. oktober 2020. Eit kjærkome tilbod for personar med utviklingshemming.

Me møtest den 1. onsdagen i månaden kl. 17.00–19.00 utanfor Grandmo lagshus. Invitasjon til friluftslivsaktiviteten ligg ute i friskus. Påmelding i forkant.

Dette er eit tilbod om friluftsliv og opplevelingar ute i naturen – av den grunn skjer all aktivitet ute, uansett vèr. Her er det berre å finne rette klede til årstida.

Me kosar oss ute med ulike aktivitetar, sosialt samvèr og avsluttar med å ete kveldsmat som ofte er tillaga på bålpanna.



*Frivillige.*

Rekruttering av frivillige har vore ei utfordring, men no har me fått med nokre faste frivillige på aktiviteten.

Ynskjer du meir informasjon om aktiviteten? Ta kontakt med NFU Luster lokallag v/leiar Anita Kjørlaug tlf. 90055328.

*Kveldsmat rundt bålpanna.*





*Det var ein triveleg dag for alle dei frammøtte på eldredagen.*

# Eldredagen

## - det var kjekt å møtast att

Luster eldreråd og Folkeakademiet Luster arrangerte eldredag i tradisjonell stil på Eikum hotell 1. oktober. Det var god prat, servering, song, spel og til og med litt dans på parketten.

Stemninga var god, ja tydeleg teikn på at no er det godt å møtast att når samfunnet er opna etter lang tid med koronarestriksjonar.

*Laila Haugsvær informerte om kommunen sitt tilbod om førebyggjande helseamtale. Kommunen har mange tilbod innanfor førebyggjande helsearbeid, tidleg innsats. Førebyggjande helseamtale er ein del av dette tilboden.*



*Det er alltid stas når Indre Hafslø spelemannslag dreg i gong med spel og song. Då var det fleire som trødde takten og nokon drista seg også ut på dansegolvet på slutten av dagen.*





Informasjon


**Returadresse:**  
Luster kommune  
Postboks 77  
N-6866 Gaupne  
Noreg / Norway



## Datakafé for alle innbyggjarar i kommunen!

Datakafé har blitt ein fin møteplass i sentrum av kommunen. Her er alle velkommen om du treng hjelp med data eller ikkje ☺

I haust har me hatt datakafé annakvar veke. Føl med på [luster.friskus.com](http://luster.friskus.com) for å sjå komande arrangement.



### «En reise gjennom norsk byggekunst»

På framsida til boka «en reise gjennom norsk byggekunst» finn me bilete av Gaupne gamle kyrkje.

Om du vil lese artikkelen om Gaupne gamle kyrkje kan du gå inn på nettsida til Nasjonalbiblioteket og søke opp boka.

Her har alle gratis tilgang til å lese i boka. I boka finn me også ein artikkel om Urnes stavkyrkje.



## LUSTRA NYTT Nr. 2 - 2021

Opplag: 4.150. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 16.11.2021.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun.

Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/Ingrid Haukadal.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:  
Luster kommune, Lustranytt,  
Postboks 77, 6866 Gaupne  
Tlf. 57 68 55 00  
E-post: [postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no)  
Layout/produksjon: sognefjord.net as | Tlf 959 86 632

Framsidefoto: Måneskinn over Prestesteinsvatnet.  
Foto: Eli Merete Hansen Moen

### Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT	Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården	Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP (Veg/vatn/kloakk)	Mob. 481 02 120
NAV Luster	Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:	
Melding om brann	Tlf. 110
Vakthavande brannbefal	Mob. 416 59 440
Politi/Lensmann	Tlf. 112
Ambulanse	Tlf. 113

